

Pendling og Familieliv

Kommunikasjon og kommunikasjonsmønster
hos par der mannen pendlar offshore

av

Steinar Rishaug

Mastergradsoppgåve i
Familieterapi og systemisk praksis
Diakonhjemmets Høgskole
2007

Føreord

Denne oppgåva er eit resultat av arbeid utført i tidsromet september 2005 til april 2007. Oppgåva utgjer 50 % av eit nystarta masterstudium ved Diakonhjemmets Høgskole. Den andre halvdel er eit praksisprosjekt som ikkje er omtalt i denne oppgåva.

Masterstudiet er utført på deltid. Eg arbeider til dagleg som familierapeut i Sjømannskirken og nordsjøprest offshore. Gjennom fleire år har difor pendling vore ein fast del av livsrytmen min. Dessutan er eg gift og har tre vaksne barn. Kanskje er difor mastergradsprosjektet mitt også ein freistnad på å få utvida innsikt og djupare kunnskap knytta til egne livserfaringar og livsutfordringar.

Å skrive kan vere hardt arbeid. Å gi seg i kast med ei masteroppgåve er å utfordre arbeidslyst, struktur og motivasjon, særleg når det i perioder skal takast innimellom alt anna. Men eg har hatt god støtte, og det er mange å takke: Sjømannskirken si leiing i Bergen som har gitt meg nødvendige permisjonar og har delfinansiert studiet. Olje- og Gassdivisjonen av Norsk Hydro som gav meg stipend til å fullfinansiere det heile. Lærarar og forelesarar ved Diakonhjemmets Høgskole som har rettleia og inspirert i løpet av to år og åtte samlingar. Ei særleg takk til professor Olaf Aagedal som har vore inspirator og tolmodig samtalepartner i utvikling og bearbeiding av dette prosjektet.

Ei spesiell takk går sjølvstilt til dei para som var villige til å la seg intervjuje. Ei stor takk går også til medstudentar på kull 1 på Masterstudiet Trinn C som i plenum, grupper og enkeltsamtalar har hjelpe meg til å sjå klarare og forstå meir.

Til slutt men ikkje minst takkar eg mi kjære Anne, som har inspirert, støtta og oppmuntra til å fullføre eit prosjekt som eg strengt tatt ikkje måtte, men hadde lyst til .

Ørsta april 2007

Steinar Rishaug

Innhald

Føreord.....	2
--------------	---

DEL I:

PROBLEMSTILLING, TEORI OG METODE

KAPITTEL I: TEMAET OG OPPLEGGET FOR PROSJEKTET.....	5
1.1 Pendling.....	5
1.2 Pendling offshore.....	5
1.3 Oppbygginga av masteroppgåva.....	6
 KAPITTEL II: UTVIKLING AV PROBLEMSTILLING.....	 9
 KAPITTEL III: FORSKINGSTEMAET SIN RELEVANS.....	 10
 KAPITTEL IV: TIDLEGARE FORSKING.....	 12
4.1 Forsking på 80-talet.....	12
4.2 Forsking på 90-talet.....	13
4.3 Forsking etter tusenårsskiftet.....	13
4.4 Forsking relevant for oppgåva mi.....	15
 KAPITTEL V: METODE OG DATAINNSAMLING	 16
5.1 Innleiing.....	16
5.2 Kvalitative metoder.....	17
5.3 Metodealternativ.....	18
5.4 Grounded Theory.....	19
5.5 Analysemodellen.....	20
5.6 Datainnsamling.....	23
5.7 Metodekritikk.....	27
 KAPITTEL VI: FORSKINGSETISKE REFLEKSJONAR.....	 28

DEL II: EMPIRI OG ANALYSE

KAPITTEL VII: FRÅ DATA TIL ANALYSE.....	30
7.1 Frå koding til kategori.....	30
7.2 Korleis opplever parete pendlarlivet ?.....	31
7.3 Korleis er kontakten ?.....	34
7.4 Kva blir det snakka om ?.....	37
7.5 Frå kategori til teori.....	39
7.6 Oppsummering	40

DEL III: DRØFTING OG KONKLUSJONAR

KAPITTEL VIII: DRØFTING.....	41
8.1 Innleiing.....	41
8.2 Funna mine sett i forhold til kommunikasjonsteori.....	41
8.3 Funna mine sett i forhold til Camilla Kring.....	45
8.4 Funna mine sett i forhold til eigen forforståing.....	49
 KAPITTEL IX: AVSLUTNING OG KONKLUSJONAR.....	 52
 LITTERATUR.....	 54
 APPENDIX.....	 58

DEL I:

PROBLEMSTILLING, TEORI OG METODE

KAPITTEL I: TEMAET OG OPPLEGGET FOR PROSJEKTET

1.1 PENDLING

Å vere pendlar er så mangt. I såkalla "gamle dagar" førte fangst og fiske særleg den mannlege del av befolkinga til arbeid langt borte frå heimen. Anleggsarbeid, gruvedrift eller tømmerhogst rundt om kravde også sitt. Og heilt fram til for få tiår sidan utgjorde handelsflåten ei av dei viktigaste næringane i landet vårt.

I mange strok av landet budde folk i trange kår. Småbruket eller tilfeldige jobbar i by og bygd gav sjeldan inntekt nok til å brøfø store familiar. Dei var det mange av. Sesongarbeid eller permanent fangst- og sjøliv var difor for mange einaste moglege sjanse dei hadde til naudsynt ekstraintekt. Få utfordra at det var slik. Far drog bort, og i heimen styrte mor. Der var ho pott og panne. Rollene var fordelte og sjeldan problematiserte.

I dag har mangt endra seg, men mykje er det same. Frå Folke- og boligtellinga i 2001 kan Statistisk Sentralbyrå opplyse at omlag ein av tre sysselsette er pendlarar. Pendlarar er her definert som personar som hadde arbeidsstaden sin i ei anna kommune enn der dei budde. Nokre var dagpendlarar, andre vekependla, somme var deltidssysselsette eller jobba heilt eller delvis heimanfrå. Dei fleste pendla kort, men heile 31 prosent hadde arbeidet sitt utanfor det fylket dei budde i. Flest menn pendla (36 prosent mot 27 prosent for kvinner), men for begge kjønn går andelen som pendlar ned med alderen. (Statistisk Sentralbyrå 2001)

1.2. PENDLING OFFSHORE

Også det såkalla oljeventyret i Norge har gjort mange til pendlarar. Motivasjonen for å arbeide i oljeindustrien har vore samansett. Nokre har mest jakta etter å få sin del av "det svarte gullet". Andre har blitt oppfordra til å ta på seg store og krevande arbeidsoppgåver. I mange tilfelle låg utfordringane langt borte frå eigen heim og

familie. Dermed vart det pendling, i korte periodar for nokre, som fast livsrytme for andre.

Det er denne gruppa pendlarar som er i fokus for studien min. Som nemnt tidlegare arbeider eg til dagleg som familierapeut i Sjømannskirken og prest offshore. Norsk oljeindustri har eg difor hatt nærkontakt med og vore ein del av sidan 1996. I denne samanhengen har eige og andres liv og levesett vore gjenstand for samtalar, foredrag, seminar, intervju og ulike uvitskaplege artiklar gjennom fleire år. Å meir systematisk få undersøke korleis andre verkeleg opplever sin eigen livssituasjon som pendlar offshore, vil difor vere personleg inspirerande og verdifullt, viktig for det daglege arbeidet eg står i, og til sannsynleg nytte i ein fortsatt ekspansiv oljeindustri.

1.3 OPPBYGGINGA AV MASTEROPPGÅVA

Strukturen og disposisjonen eg har valt for denne oppgåva har eg lånt og omarbeidd frå Olaf Aagedal si doktoravhandling "Bedehusfolket"(Aagedal 2003:VI-XII). Eg drar dermed vekslar på ein erfaren forskar sin måte å disponere og strukturere forskingsmaterieil på. I tillegg nyttar han omgrep og eit språk eg kjenner meg heime i.

Å få ein god og tenleg struktur og ein oversiktleg disposisjon har vore viktig for meg. I samband med arbeidet eg har gjort med planlegging, datainnsamling, analyse og drøfting av materialet i oppgåva, har eg hatt eit ønske om at det skriftlege sluttproduktet skulle gjere lesaren i stand til å følgje vandringa mi frå idé til ferdig produkt. Eg håper eg har lukkast.

Oppgåva er delt i tre hovuddelar. **DEL I** omhandlar problemstilling, teori og metode. **DEL II** er empiri og analyse-delen, mens **DEL III** inneheld drøfting og konklusjonar. **LITTERATURLISTA** kjem heilt til slutt, etterfylgt av eit **APPENDIX** der eg har lagt ved informasjonskriv og skjema for informert samtykke, samt godkjenninga frå Personvernombudet for Forsking (NSD).

DEL I omfattar altså problemstilling, teori og metode. Her har eg seks underkapittel. Etter ei kort innleiing i første underkapittel, omhandlar kapittel II utviklinga av prosjektet fram mot utforming av ei problemstilling. Eg definerer kven som i min

samanheng er "pendlar" og dermed målgruppe for studien. Og eg grunngjev kvifor og korleis eg har spissa den meir generelle overskrifta "Pendling og Familieliv" til ein undertittel eg har kalla "*Kommunikasjon og kommunikasjonsmønster hos par der mannen pendlar offshore*". I kap. III ser eg nærare på kva relevans temaet har i ein større samfunnsmessig samanheng, særleg innafor norsk oljeindustri.

I kapittel IV tek eg for meg tidlegare forskning. Denne har eg strukturert i fire deler: Forsking på 80-talet, forskning på 90-talet, forskning etter tusenårsskiftet og forskning relevant for oppgåva mi. Dei tre første delane er ein gjennomgang av litteratur som meir oversiktsmessig seier noko kva som er gjort og skrive innan tematikken "norsk oljeindustri". Mykje av denne litteraturen er det ikkje direkte referansar til i oppgåva, men den utgjer like fullt nødvendige og relevante bidrag til å forstå tematikken "Pendling og Familieliv". Desse bidraga er likevel ikkje nok spissa inn mot det konkrete fokuset eg har valt å ha for studien min.

I fjerde del nemner eg litteratur som eg meiner er særleg relevant å drøfta funna mine opp imot. Ein grundig gjennomgang av denne litteraturen har eg derimot valt å ta i sjølve drøftingsdelen i kapittel VIII. Dette er gjort av pedagogiske og litterære grunnar for å få best mogleg samanheng i teksten og drøftinga.

Kap V handlar om datainnsamling og metode. Eg gjer her greie for vurderingar og konklusjonar knytta til kven eg har intervjuet og korleis eg gjorde det (Kap 5.2). I det neste underkapitlet skriv eg kort om kvalitativ metode og kvifor eg meiner denne var relevant å bruke i samband med denne studien. Eg skriv vidare om nokre metodealternativ eg kunne ha valt, men tydeleggjer og grunngjev i kap. 5.5 kvifor eg valte Grounded Theory. Etter ein kort gjennomgang av alternative variantar av denne teorien, har eg i kap. 5.6 ein grundigare gjennomgang av Charmaz si framstilling av Grounded Theory. Det eg har valt å kalle hennar "Steg-for-steg" modell er den eg brukar i analysearbeidet.

I kap VI har eg tatt med dei forskingsetiske refleksjonane eg meiner er relevante i samband med denne oppgåva.

Oppgåva sin hovudel II omhandlar empiri og analyse. Her har eg prøvd å sortere og gruppere innsamla materiale. Eg har gjort det under tre hovudoverskrifter, og mot slutten av kvar av desse formulert eit samandrag av det eg meiner er hovudessensen i funna. På mange måtar kan desse samandraga reknast som det Charmaz og Grounded Theory kallar *kategori*. Ein gjennomgang av dette omgrepet står i kapittel 5.6. Dei tre overskriftene "Korleis opplevast pendlarlivet?"(kap 7.2); "Korleis er kontakten?"(Kap 7.3) og "Kva blir det snakka om?"(Kap 7.4) antyder kva stoff lesaren kan vente å finne.

I tråd med tenkinga i Grounded Theory prøver eg mot slutten av empiri- og analyse- delen å forklare idear, hendingar og prosessar i dataene med eigne ord. Eg prøver altså å løfte dataene frå kategoristadiet til overordna kategoriar, eller det eg kallar *kjerne kategoriar*.

I denne masteroppgåva utgjer funn av *kjerne kategoriar* på mange måtar slutten av analyseprosessen. Enkelte Grounded Theory-forskarar vil frå slike kjerne kategoriar ønske å bevege seg i retning av teoridanning. Eg meiner derimot at ambisjonane og rammene på masternivå generelt og datatilfanget i denne oppgåva spesielt er for lite til å kunne forme eintydige teoriar rundt valt fokus og problemstilling. Eg har difor valt å avrunde analyseprosessen med det eg kallar *konklusjonar* i siste kapittel.

Hovuddel III i oppgåva er drøftingskapittelet. I litteraturgjennomgangen tidleg i oppgåva har eg kort nemnt litteratur og teoriar som eg vurderer særleg relevant for studien min. I hovuddel III går eg grundigare inn på denne litteraturen og drøftar funna mine opp mot to av desse faglege ståstadene: Kommunikasjonsteori (Kap 7.2) og Camilla Kring si forskning (Kap 7.3) I tillegg drøftar eg også funna opp imot eigen forforståing (Kap. 7.4)

Slutten av DEL III er slutten av oppgåva, med dei konklusjonar eg har vore i stand til å trekke.

KAPITTEL II : UTVIKLING AV PROBLEMSTILLING

Innleiingsvis hadde denne studien eit vidt utgangspunkt. Eg formulerte det slik: *”Pendling og Familieliv - Ein studie av mannlege nordsjøarbeidarar si oppleving av å vere pendlar og familiemann”*. Det var altså opplevingane av denne spesielle livssituasjonen eg ville sjå nærare på. I samråd med vegleiar fann eg på eit tidleg stadium og før første intervju vart gjort at problemstillinga var for vid, og at eg måtte foreta ei avgrensing for å kunne handtere materialet. Valet fall på *”Kommunikasjon og kommunikasjonsmønster hos par der mannen pendlar offshore”*.

Dette valet er ikkje tilfeldig. Samlivsforskning gjennom fleire år har vist at kommunikasjon og forståing av kommunikasjonsmønster er eit sentralt tema for å forstå samhandling mellom samlivspartnerar (Markman 2003:248). Det har vore ein trend i norsk førebyggjande familierelert arbeid at ulike former for samlivskurs er verdt å satse på. I ei stortingsmelding (St.meld nr. 29 /2002-2003) blir det hevda at *”Forskning tyder på at samlivskurs kan være et viktig incentiv til å bedre kommunikasjonen og dialogen i parforholdet og til å bryte med dårlige kommunikasjonsmønstre”*.(ibid kap.2.3.1.1.) Departementet viser i samband med dette bl.a. til ein artikkel av Frode Thuen i Tidsskrift for Norsk Psykologforening (Thuen 2003). Vidare er det sagt i same stortingsmelding: *”I Norge er det foretatt få evalueringar av samlivstiltak. Internasjonalt er det imidlertid gjennomført evalueringstudier som viser at tiltakene kan ha positiv effekt.”* (St.meld 29/2002-2003 kap 2.3.1). Som støtte for dette viser departementet til amerikansk forskning (Markman et al .1993) og tilsvarande frå Tyskland (Thurmaier et al. 1999).

Lite forskning syns derimot å ha blitt gjort direkte på grupper der mannen pendlar offshore. Difor fann eg dette spesielt interessant. Valet på fokus for studien min vart i tillegg stimulert av ønsket om å sjå nærare på ein tematikk som var gjenkjennbar i eige liv.

Som eg seinare vil kome inn på og grunngje, har eg valt å bruke Grounded Theory som analyseverktøy i denne oppgåva. I bruk av denne teorien er det innimellom sagt og hevda at starten på analyseprosessen skal vere kun dataene. (Charmaz 2006:3).

Frå ei side sett kan dette forståast slik at også ei formulert problemstilling kan binde observasjonane og dermed analysen. Eg fann det likevel nødvendig og formålstenleg å strukturere intervjua med basis i ei formulert problemstilling. Eg måtte eit stykke på veg vite kva eg ville undersøke.

Den spissa problemstillinga er altså studiens utgangspunkt og fokus. Eg har likevel valt å behalde hovudoverskriften "Pendling og Familieliv" , i ei overtydning om at kommunikasjon og kommunikasjonsmønstra hos eit par verkar inn på både individet, parforholdet og familien. Hovudoverskriften gir i tillegg signal om kven eg har valt som informantar. Rett nok er alle menneske "relasjonsindivid", og alle har ein gong tilhørt ein kjernefamilie. Men ikkje alle lever i slike kjernefamilier livet ut. Dette gjeld også for fleire menn som pendlar offshore.

Med ordparet "Pendling og familieliv" vil derimot dei fleste assosiere med slike som har eigen kjernefamilie med egne barn, og det er frå denne gruppa eg i hovudsak har henta informasjonen.

Problemstillinga mi er difor:

Pendling og Familieliv
Kommunikasjon og kommunikasjonsmønster
hos par der mannen pendlar offshore

KAPITTEL III FORSKINGSTEMAET SIN RELEVANS

Norsk og internasjonal oljeindustri er ein risikofylt geskjeft. Konsekvensar av uhell og ulukker kan bli katastrofale, både for næringa, miljøet og enkeltindividet. Styresmaktene har difor stilt strenge krav til "Helse, miljø og tryggleik" (HMT). Industrien sjølv er ikkje mindre kravstor, og ein opererer med null-toleranse på ulukker, skader og hendingar med fare for individ og miljø. Prosedyrar, tekniske

innretningar og stadig kontroll og trening i potensielt vanskelege operasjonar blir vektlagt. Like fullt erfarer industrien at uhell skjer.

Når teknisk fagpersonell skal analysere slike hendingar, blir dei ofte sittande med ei lineær forståing: Grunnen til uhellet eller hendinga kan finnast og utbetrast. Den defekte delen kan reparerast eller skiftast ut. Men slik er det ikkje alltid. Andre av oss tenkjer difor annleis: Er mennesket den viktigaste ressursen i bedrifta, må den menneskelege faktoren vektleggast sterkare. Mange av arbeidsoppgåvene offshore krev stor merksemd og konsentrasjon. Med helikopter i lufta, supply-båtar på opprørt hav, olje- og gass i grunnen og små, menneskeskapte installasjonar langt til havs er det lett å forstå at enkeltmenneske sin eventuelle manglande konsentrasjon eller motivasjon har potensiale i seg til fatale katastrofar. Å hjelpe den enkelte til betre innsikt i eigen livssituasjon eller gi hjelp til betre takling av livets utfordringar, er difor ei god investering til fellesskapets beste.

Mange aktørar er i dag på banen for å hjelpe enkeltindivid, par og familiar til auka livskvalitet. Det fins kurs og teknikkar for det meste. Også innan arbeidslivet generelt og oljeindustrien spesielt blir konsulentar henta inn og ulike modellar utprøvd. Fleire og fleire meiner også at bedriftene bør satse på samlivskurs (Thuen 2006). Samlivskurs fins det mange av. Dei fleste prøver å hjelpe folk til også å betre parkommunikasjonen. Eller som det blir sagt i innleiinga til ei samlivsbok som kom i 2003: *"Denne boken forteller dere en god del om kva dere kan gjøre. Dere vil kunne få med dere konkrete metoder for hvordan dere kan snakke saman når ting blir vanskelige"*. (Markman et al.2003:14)

Hvis det er slik at kommunikasjon og forståing av kommunikasjonsmønster er eit sentralt tema for å forstå samhandling mellom samlivspartnerar, må dette også gjelde for par der mannen pendlar offshore. Hvis det i tillegg viser seg at kommunikasjonen og kommunikasjonsmønstra hos desse para har særtrekk eller former som skil seg frå folk flest, må kjennskap om dette vere av stor betyding. Berre med slik kunnskap kan ein ha håp om å forstå desse para betre. Og det er først med slik kunnskap i botnen at ein kan vere i stand til å vurdere om, og korleis ein eventuelt kan gje tilbod som kan auke livskvalitet og styrke samlivet.

Å få betre innblikk i korleis par der mannen pendlar offshore opplever eigen kommunikasjon og eigne kommunikasjonsmønster, kan difor ha fleire siktemål. Som ein del av det totale HMT-fokuset, vil auka forståing for tematikken bevisstgjere den einskilde arbeidaren. Denne innsikta kan dermed gje grunnlag for individuelle tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar av dei utfordringar den enkelte opplever i rytmen mellom privatliv og arbeidsliv.

Hvis det i tillegg fins generelle mønster som er særleg utfordrande, kan ei bevisstgjerig rundt desse også stimulere arbeidsgivar til å legge til rette for ordningar og tiltak som kan førebygge og redusere dei negative konsekvensane som måtte finnast.

KAPITTEL IV: TIDLEGARE FORSKING

4.1 FORSKING PÅ 80-TALET

I 1985 utga Anne Kristine Solberg boka "Far i Nordsjøen"(Solberg 1985) Bakgrunn for boka er eit forskingsprosjekt som starta i 1980. I samband med FN's internasjonale barneår tok barneårskomiteén i Rogaland initiativ til ei undersøking om pendling og familieliv. Barneårskomiteén var først og fremst opptatt av kva konsekvensar det har for barn at fedre pendlar.

På midten av 80-talet hadde oljeindustrien eit særleg fokus på arbeidsmiljø på kontinentalsokkelen. I den samanheng gjorde Arbeidsforskningsinstituttet (AFS) med støtte frå Mobil, Philips Petroleum og Statoil eit prosjekt kalla "Offshorependling, Familie og Lokalsamfunn" leia av Jorun Solheim. Resultatet er offentleggjort i to rapportar(Solheim et al. 1986)

FAHS (Forskningsssenter for arbeidsmiljø, helse og sikkerhet ved Universitetet i Bergen) utga i 1986 delrapportar om "Jobb-tilfredshet på Staffjordfeltet"(Mathiesen et al. 1986), og om "Fysiologiske reaksjoner på arbeidsmiljø og helse"(Eide et al.1986).

4.2 FORSKING PÅ 90-TALET

På tidleg 90-tal var det tilsynelatande mindre interesse og fokus på det spesielle ved offshoreliv og pendling. I fleire oljeselskap vart det derimot ei indre bevisstgjerung mot slutten av ti-året at ein måtte sjå oljearbeidaren som eit "24-timars-menneske" – eit heilt menneske. (bl.a. Statoil si satsing på det dei har kalla "Kollegaprogrammet"). Tanken er å skape ei bevisstgjerung om at ein kvar tilsett på same tid kan vere både arbeidstakar, kollega, kamerat, ektefelle/ sambuar og forelder. Dette betyr at den enkelte *samtidig* har ulike roller og forventningar knytta til seg i ulike miljø og samanhengar. Dermed blir det også ei glidande grense mellom arbeid og fritid som må takast på alvor.

I 1997 kom Marie Smith-Solbakken si avhandling "Oljearbeiderkulturen" (Smith-Solbakken 1997). Ho har gitt avhandlinga undertittelen "Historien om cowboyar og rebeller", og set slik sett ord på oppfatningar som mange hadde og kanskje framleis har av oljearbeidarkulturen generelt. Avhandlinga gir eit grundig utgangspunkt for å forstå utvikling av oljeindustrien fram til 1986, og er dermed eit nyttig bakteppe til å forstå dagsaktuelle problemstillingar i historisk lys. Avhandlinga er likevel ikkje spesifikt opptatt av dei utfordringar pendling gir for familielivet

4.3 FORSKING ETTER TUSENÅRSSKIFTET

Temaet "Pendling og familieliv" er ikkje berre ein oljerelatert problematikk. Det kan difor både vere nyttig, interessant og relevant i samband med denne masteroppgåva å sjå kva som meir generelt er gjort innafor arbeidsrelatert forskning dei siste åra. I følgje den tredje europeiske arbeidsmiljøundersøkinga som blei gjennomført i 2000 av Det europeiske institutt for betring av leve- og arbeidsvilkår, blir arbeidsrelatert stress eit helseproblem for 28 prosent av arbeidstakarane i EU. I statusrapporten "*Research on workrelated stress*" (Cox et al. 2003) blir den eksisterande forskingslitteraturen fram til då oppsummert med ti kategoriar psykososiale farar som kan bli opplevd som stressande, og/eller som på andre måtar har potensiale i seg til å føre til skade. Blant desse ti kategoriane finn eg særleg tre som relevante og interessante i samband med studien min:

- Mellommenneskelege forhold på jobben: Sosial eller fysisk isolasjon, dårleg forhold til leiinga, mellommenneskelege konflikter, mangel på sosial støtte
- Forholdet mellom heim og jobb: Motstridande krav frå heim og jobb, lite støtte heime, doble karriereproblem
- Arbeidstider: Skiftarbeid, lite fleksible arbeidstider, uvisse arbeidstider, lange eller usosiale arbeidstider.

Psykolog Frode Thuen har både i populærvitskaplege artiklar og i fagartiklar vore opptatt av forholdet mellom jobb og arbeid. I ein artikkel i boka "Utbrent. Krevende jobber – gode liv?" (Roness/Matthiesen 2002 : 302 ff) skriv han at forskning har vist at det å leve i eit krysspress mellom arbeid og heim aukar faren for å bli utbrent. Verst er det når situasjonen i privatlivet påverkar jobben på ein negativ måte, slik at ein ikkje får utført jobben slik ein ynskjer. Grunnen til dette kan kanskje vere at når det er privatlivet som forstyrrar jobben, så vil vi vere meir tilbøyelege til å legge skulda på oss sjølve: Vi greier ikkje å organisere privatlivet på ein god måte. Når det er jobben som forstyrrar privatlivet, kan vi legge skulda på sjefen, på stort arbeidspress, på vakt- og turnusordningar osv. (ibid. : 305).

Thuen hevdar også at nyare forskning viser at motsetning mellom arbeid og heim er blant dei mest framtrekande stressfaktorane blant dagens arbeidstakarar, og støttar seg her bl.a. til ei undersøking frå Singapore i 2000, der motsetninga mellom arbeid og fritid blir hevda å vere den mest vanlege stressfaktoren for arbeidstakarar i ulike yrke, berre overgått av prestasjonspress (Chan, Lai, Ko og Boey 2000)

I 2005 utga Høgskolen i Hedmark ein rapport om føresetnadar for busetnad av tilsette i Rena leir. Oppdragsgjevar for undersøkinga var Åmot kommune som ynskte informasjon om moglege tiltak for å få fleire til å melde flytting til kommunen i staden for å vere pendlarar. Resultatet av utgreiinga tyder på at den mest avgjerande årsaka til at så mange forsvarstilsette valte å ikkje flytte, var ønsket om å gje borna stabile oppvekstvilkår. I tillegg ynskte ektefellane inga flytting.

Dei siste åra har det tilsynelatande vore mindre interesse og fokus på det spesielle ved offshoreliv og pendling. Dette kan ha mange grunnar. Kanskje var offshorelivet oppfatta som meir eksotisk og spennande før? Kanskje har dei generelle rammevilkåra for nordsjøarbeidarar gjort at folk flest syns dei burde ha lite å klage over? Dermed vart det heller ikkje så interessant å bruke tid, krefter og midlar på å forstå meir korleis denne yrkesgruppa og familiare deira har det.

Somme av oss har likevel jobba med tematikken. Dei fleste av oss har derimot vore meir pragmatikarar utan tid og kapasitet til utstrakte litterære produksjonar eller inngåande forskning. Tematikken rundt "Pendling og Familieliv" har difor mest vorte lyfta fram i mindre uvitskaplege artiklar, intervju og oppslag, samt gjennom utallige kurs og foredrag.

4.4 FORSKING RELEVANT FOR OPPGÅVA MI

Som eg har gjort greie for tidlegare, har eg hatt som utgangspunkt for studien min ei problemstilling eg har spissa gjennom undertittelen "*Kommunikasjon og kommunikasjonsmønster hos par der mannen pendlar offshore*". Den spissa problemstillinga mi har vore styrande for den litteraturen og forskinga eg meiner er mest relevant å drøfte funna mine opp imot. Litteraturen og forskinga eg har nemnt tidlegare er like fullt nyttig bakteppe å ha med for å forstå konteksten som kommunikasjon og kommunikasjonsmønster i denne samanhengen opererer i. Eit slikt synspunkt blir også støtta av gjennomgangen min i drøftingsdelen, der eg gjer nærare greie for omgrepet *kommunikasjon* og kva eg legg i dette.

Å forstå omgrepet *kommunikasjon* som både styrt og prega av kontekst er i tråd med dei kommunikasjonsteoretikarar eg har valt å bruke. Ei brei drøfting av ulike kommunikasjonsteoriar er krevjande, og slik eg vurderer det utanfor rammene for det denne masteroppgåva kan romme. Eg meiner likevel å stå på fagleg trygg grunn når eg i drøftingsdelen vil gå nærare inn på to sentrale bidragsytarar innan

kommunikasjonstenking i det systemiske og familieterapeutiske fagfeltet: Paul Watzlawick i boka *Pragmatics of Human Communications* (Watzlawick 1967), og Gregory Bateson si tenking slik den er framstilt i Bent Ølgaard si bok *"Kommunikation og økomentale systemer ifølge Gregory Bateson"* (Ølgaard 1991). Ein gjennomgang av utvalte deler frå desse bøkene er altså tatt med i drøftingsdelen.

Eg vil i drøftingsdelen også sjå nærare på nyare forskning knytta til tematikken *arbeidsliv og familieliv*. Eg meiner at ein del av forskinga som er gjort på forholdet mellom arbeidsliv og familieliv dei siste åra har konkret relevans for temaet i oppgåva mi, ikkje berre som "bakteppe" slik eg har nemnt ovanfor. Eg har difor valt å gå nærare inn på eit av dei nyaste bidraga til dette: Camilla Kring si doktoravhandling *"Arbejdsliv og familieliv – Get A Balance"* (Kring 2005). Ein nærare gjennomgang av hennar arbeid vil difor kome i drøftingsdelen.

KAPITTEL V: METODE OG DATAINNSAMLING

5.1 INNLEIING

Som nemnt innleiingsvis er tema for oppgåva mi: *"Pendling og Familieliv – Kommunikasjon og kommunikasjonsmønster hos par der mannen pendlar offshore"*. Eg har i kapittel 2.1 gjort greie for kva avgrensingar som etter mitt skjønn gir seg automatisk ut frå ordparet "Pendling og Familieliv". I undertittelen avgrensar eg ytterlegare til at eg i studien min konsentrerer meg om par der *mannen* pendlar offshore. Dette kunne ha vore gjort annleis. Eg kunne ha valt par der ho pendla offshore, eller eg kunne ha valt å samle data frå begge kategoriar. Tradisjonelt sett tenkjer vi ofte at menn og kvinner kommuniserer ulikt. I tillegg kan rollemønstra i heimen variere. I parforhold der ho pendlar, kan det tenkjast at mykje er annleis enn når han er nordsjøarbeidaren. Eit materiale som kunne ha gitt høve til også å sjå nærare på dette, ville difor kunne ha gitt annan informasjon enn det studien min har kome fram til. Det ville difor ha vore eit spennande prosjekt å sett på andre

parkonstellasjonar enn dei eg har valt, men det ligg altså utanfor ramma av denne studien.

5.2 KVALITATIVE METODER

Kvalitative metoder har gradvis blitt meir akseptert og nytta innafør samfunnsvitenskapane (Thagaard 2003:11) Ei viktig målsetting med kvalitative studiar er å oppnå ei forståing av sosiale fenomen (ibid:11) Metoden eignar seg godt til å studere personlege og sensitive emner som kan omfatte private forhold i einskildpersonars liv.(ibid :12)

Kvalitativ forskning baserer seg på eit vidt spekter av innsamlingsmetoder, som intervju, observasjon, analyser av dokument og bilde(ibid:12). Korleis forstå forskarrollen kan også variere. Eg viser i så måte til Steinar Kvale sin metaforbruk om dette i boka "Det Kvalitative Forskningsintervjuet" (Kvale 2001:19ff) Forskaren, eller "intervjuaren" blir her omtalt som "gruvearbeidar" eller "reisande". Iflg. *gruvearbeidarmetaforen* blir kunnskap forstått som skjult metall, og intervjuaren er ein gruvearbeidar som hentar det verdifulle metallet opp i dagen. Denne metaforen har som utgangspunkt ei oppfatning innan moderne samfunnsvitenskap at kunnskap er noko som er "gitt".

Reisemetaforen derimot har sin bakgrunn i ei postmoderne, konstruktivistisk oppfatning der sanninga ikkje er gitt, men kjem til bevisstheit gjennom språket. Dette er mitt utgangspunkt. Eg arbeider til dagleg sjølv i oljeindustrien, og har i lange perioder vore pendlar. Eg er gift og har egne barn. Som eg har vore inne på tidlegare er det å forske på kommunikasjon og kommunikasjonsmønster hos par der mannen pendlar offshore, på mange måtar å forske på deler av eige liv. Men nettopp for å unngå at studien min vert eit forsøk på å grave fram gitte sanningar som kan stadfeste egne oppfatningar, gir bevisstheit om Kvale sin reisemetafor større meining. Gjennom samtale med og intervju av andre kan eg ha håp om å få utvida eige perspektiv og ny innsikt.

5.3 METODEALTERNATIV

Fordi eg sjølv arbeider i oljeindustrien kunne dette kanskje tilseie ei etnografisk tilnærming til prosjektet. Tradisjonelt innebærer etnografisk feltforskning studiar av grupper og personar i deira kvardagsliv (Ryen 2002:55). Slik tilnærming medfører at etnografen går inn i den sosiale settingen ved å delta i dei daglege rutinene og utviklar vedvarande relasjonar, samtidig som han eller ho observerer det som foregår. Tilnærminga kan virke spennande med tanke på forskingsprosjektet mitt. Problemet er at identiteten og rollen eg har i dagleg arbeid offshore er så sterk og tydeleg blant andre, at deltaking på etnografisk grunnlag neppe vil kunne realiserast. Uansett arbeidssituasjon vil det vere "presten" som var på besøk.

Ei betre tilnærming kunne difor den "fenomenologiske" vere. I det fenomenologiske intervjuet prøvar forskaren å vere fri frå forforståelsen av fenomenet det skal forskast på. Fenomenologien tar utgangspunkt i den subjektive opplevinga og søker å oppnå ei forståing av den djupare meininga i erfaringar hos enkeltpersonar (Thagaard 2003: 36). Fenomenologien bygg altså på ein underliggende tanke om at realiteten er slik folk opplever den (Kvale 2001:72 ff). Ein kunne altså håpe at ei slik tilnærming kunne innebære at *opplevd situasjon* kom sterkare til uttrykk.

Som eg har nemnt tidlegare har eg i denne studien forska på eige miljø, men har ikkje vore opptatt av å få stadfesta eller avkrefta ein eller fleire hypoteser. Eg legg difor ikkje opptil ei deduktiv teoridanning som tradisjonelt foregår ved at forskaren forut for datainnsamlingsprosessen dannar hypoteser, og deretter utleier (deduserer) empirisk testbare konsekvensar av desse. Eg søker ny og utvida informasjon om kommunikasjon og kommunikasjonsmønster hos par der mannen pendlar offshore. Ei induktiv teoridanning der eg som forskar i størst mogleg grad forutsetningslaust nærmar meg feltet eg vil studere er difor meir tenleg. I ei slik teoridanning blir omgrep og teoriar danna undervegs og etter å ha observert og lært av det som er studert. Dette tilsa for meg å bruke Grounded Theory som metode.

5.4 GROUNDED THEORY

Ei totalvurdering av det prosjektet eg har gitt meg i kast med, tilsa altså av fleire grunnar at det var tenleg å bruke Grounded Theory som analyseverkty (Schou 1994). Som eiga retning har Grounded Theory opphavet sitt i ei bok som Anselm Strauss skreiv saman med Barney Glaser i 1967: *The discovery of grounded theory: Strategies for qualitative research*. Boka deira var eit resultat av studiar av døyande pasientar, og korleis sjukehuspersonalet USA på tidleg 60-talet behandla og forholdt seg til slike. I samband med analysen av materialet utvikla Glaser og Strauss metodiske strategiar som dei etter kvart meinte var tenlege i analysen av også andre tema. Dette var altså starten på Grounded Theory. (Charmaz 2006 : 4).

Frå utgangspunktet i 1967 har Grounded Theory utvikla seg . Glaser og Strauss skilde på mange måtar lag. Glaser utvikla meir dei teoretiske sidene ved teorien, medan Strauss vart pragmatikaren. Gjennom ulike publikasjonar offentleggjorde dei synspunkta og dei faglege ståstadene sine (Glaser 1978, Strauss 1987) Strauss innleidde etter kvart samarbeid med Juliet Corbin, og dei kom i 1990 med første utgåva av boka *Basics of Qualitative Research*.(Strauss 1990) Glaser kom i 1992 med eit på mange måtar krasst motsvar til tenkninga deira om Grounded Theory i boka *Basics of Grounded Theory Analysis*: (Glaser 1992)

I kortform består ulikskapen mellom Glaser og Strauss/Corbin i at mens Glaser hevdar at forskaren må tre tilbake og få avstand til materialet for at "data skal bli behandla som data" (Glaser 1992 :11), hevdar Strauss/Corbin at kreativitet hos forskaren også er ein viktig ingrediens. (Strauss 1998 : 12 ff) I så måte stimulerer dei til å kombinere Grounded Theory med andre metoder, og å bruke anna innsikt og erfaringar ein har om temaet der det måtte passe (Strauss 1998 : 28 ff).

Ein viktig bidragsytar til debatten om forståing av Grounded Theory er også Kathy Charmaz, professor i sosiologi ved Sonoma State University. I boka *Constructing Grounded Theory* (Charmaz 2006) gir ho ein praktisk "steg-for-steg"- gjennomgang av bruk av metoden i kvalitativt analysearbeid. Ho ynskjer gjennom det ho skriv både å vise korleis forståinga av teorien har utvikla seg dei siste fire tiåra, og å dra opp nokre viktige retningslinjer for bruk av Grounded Theory i forskning som gjer at ein kvar

som har ein viss kjennskap til forskingsmetoder kan bruke dei. Charmaz byggjer på mange måtar på Glaser og Strauss sin opprinnelege metodemodell frå 1967 (Charmaz 2006 : XI). Ho er likevel tydeleg på at korskje den som observerer eller den som blir observert er uberørt av verda omkring (Ibid :15). Ho viser i tillegg til at Glaser/Strauss inviterte lesarane til å bruke Grounded Theory-startegiane fleksibelt (Charmaz 2006 : 9). Med dette som bakgrunn har eg valgt å bruke Charmaz sin analysemodell.

5.5. ANALYSEMODELLEN

Charmaz sin analysemodell i Grounded Theory er det eg har valgt å kalla ein "Steg-for-steg-modell". Her følgjer ein gjennomgang av dei ulike stega i modellen:

a. Innsamling av data

For Charmaz er det viktig å samle det ho kallar rike data (Ibid s. 13ff). Slike data er detaljerte, innretta mot fokus for prosjektet og fulle av informasjon (detailed, focused and full) (ibid : 14) Datainnsamlinga kan skje på ulike måtar: Intensive intervju, etnografiske metoder og tekstanalyse. (ibid : 13) Det er samtidig snakk om å ha realisme i datainnsamlinga, samle nok data innafor dei rammer ein har til rådvelde slik at ein får eit klarast mulig bilde av det ein skal undersøke (Ibid : 18)

b. Koding

Koding er ifølge Charmaz prosessen som definerer kva dataene handlar om (ibid :186). I motsetnad til anna kvalitativ forskning der ein gjerne kan ha forutinntatte kategoriar eller koder som ein set på dataene, vil Grounded Theory-forskaren etterstrebe å skape kvalitative koder som kan definere kva han eller ho ser i dataene (ibid :187). Det er altså snakk om å gå frå å legge meaning *inn i* dataene til å danne meaning *av* dataene (Ibid :140). Koding betyr å kategorisere segment av dataene ved hjelp av korte namn som på same tid både oppsummerer og forklarar kvar datadel. Kodinga viser korleis forskaren har valt, delt opp og sortert dataene slik at han kan foreta ei analyse av dei (ibid :43).

Grounded Theory-koding består av minst to faser: ei innleiande koding (*Initial coding*) som tar for seg ord for ord, linje for linje eller deler av dataene. Denne innleiande kodinga blir så etterfylgt av ei meir fokusert og selektiv fase (*Focused coding*), der ein brukar dei mest signifikante eller hyppigast forekomande innleiande kodene til å sortere, samanlikne, integrere og organisere større deler av dataene (ibid : 46). Enkelte Grounded Theory-forskarar kan i tillegg bruke ytterlegare to nivå på kodinga: kryss-koding (ibid:60 ff) og teoretisk koding (ibid: 63 f). Målet for alle kodeprosessane er å hjelpe forskaren til å sjå kva dataene er ein studie av (ibid :138).

c. Memo-skriving

I samband med analysearbeid er memo-skriving parallelt med koding viktig. Memo-skriving i Grounded Theory-tradisjon er små notat, ord og tankar som dukkar opp i tilknytting til materialet ein held på med. Memo-skrivinga har eit analytisk siktemål. Dei kan vere fritt formulerte og flytande i tanke og språk, eller det motsette. Det viktigaste er å få ting ned på papiret (ibid.:80). Ein veit ikkje undervegs alltid kva som vil tene det endelege analysearbeidet. I følgje Charmaz er memo-skriving det mest sentrale (*pivotal*) steget mellom datainnsamling og det å skrive ut analysekladdar. Memo-skrivinga utgjer på mange måtar ein avgjerande del av Grounded Theory-metoden, fordi det framtingar og stimulerer til at ein både analyserer dataene og gjer koding allereide tidleg i prosessen. (ibid :72).

d. Kategorisering

I følgje Charmaz er kategorisering det analytiske steget i Grounded Theory der ein vel ut eller brukar visse koder fordi ein meiner dei er meir signifikante eller omhandlar fleire fellestema i materialet. I samband med denne prosessen er memo-skrivinga nødvendig og viktig, fordi kategoriane skal forklare idear, hendingar eller prosessar i dataene – og gjere dette med talande ord (Ibid : 91). Å kategorisere kan samtidig bringe materialet frå eit beskrivande plan til eit meir abstrakt og teoretisk nivå (ibid : 186). Forskaren vil måtte ha som mål å prøve å definere kva eigenskapar desse kategoriane har, under kva omstende dei opererer, og under kva omstende dei endrar seg. I tillegg søkjer ein å forstå forholdet mellom dei ulike kategoriane. Til slutt vil dei mest signifikante teoretiske kategoriane kunne danne grunnlaget for den endelege teoriskapinga.

e. Theoretical Sampling

I utvikling av grunnlaget for teoridanning, vil ein undervegs kunne erfare at enkelte av kategoriane ein har kome fram til ikkje er fullt ut dekkande. I lys av memos ein har skrive kan ein i staden for å ha sikre og solide kategoriar til disposisjon, føle at ein bokstavleg tala står på utrygg grunn. Svaret på dette dilemmaet i Grounded Theory er å samle meir data som fokuserer på den eller dei aktuelle kategoriane. Dette blir kalla "*theoretical sampling*", ei slags teoretisk stikkprøvetaking. (ibid:96). Hovudformålet med dette arbeidet er å vidareutvikle og foredle dei kategoriane som etter kvart vil danne grunnlaget for teoriskapinga, og arbeidet bør halde fram til det ikkje dukkar opp fleire nye eigenskapar ved kategoriane. I Grounded Theory snakkar ein då om at kategoriane har gått i metning (*saturating*). Då vil ikkje meir datainnsamling føre til ny teoretisk innsikt eller at ein oppdagar nye eigenskapar ved dei kjernekategoriene ein har kome fram til (ibid :113)

f. Teoridanning

Punkt **a-e** i Charmaz sin analysemodell har som endeleg mål at det skal dannast ein teori. Kva som derimot blir meint med "teori" vil også innan Grounded Theory variere. Med utgangspunkt i ei positivistisk tenking vil teoridanninga vere eit resultat av leiting etter årsakssamanhengar og deterministisk funderte forklaringar, og der ein understrekar det generelle og universelle. (ibid:126). Ei sosialkonstruksjonistisk tilnærming set søkelyset meir på dei fenomena som blir studert, men ser både dataene og analysen av dei som eit resultat av delt erfaring og mellommenneskeleg samkvem (ibid:130). Eit tredje alternativ er ei meir objektivistisk forståing, der ein oppfattar dataene som reelle i seg sjølv og ikkje influert av prosessen rundt datainnsamling og analyse.(ibid:131)

Kathy Charmaz har ein sosialkonstruksjonistisk ståstad i danning av teori. Ho hevdar at ein med eit slikt utgangspunkt frimodig kan la teoridanning bli skapt som eit resultat av ein fortolkande prosess. Slik teoretisering kan sjølvstøtt kome til å tildekke prosessar, men kan også føre oss til det motsette, slik at underforståtte meiningar og prosessar blir tydelege. (ibid : 146).

5.6 DATAINNSAMLING

Datainnsamlinga i studien min har skjedd gjennom djupteintervju. Eg fann det tenleg å starte med ein "nøkkelinformant" – i dette tilfellet eitt par - og på basis av intervju med dette paret justere dei vidare intervju ut frå nye tankar som dukka opp. Dette er i tråd med den forskingsteorien eg har valt å bruke.

Ved innsamling av data måtte fleire ulike moment vurderast. Eitt av spørsmåla var om eg skulle intervju berre den mannlege parten i parforholdet. Innspel ifrå medstudentar tidleg i mastergradsløpet gjorde at eg såg at ved å ikkje intervju begge partar, ville viktig informasjon kunne gå tapt. Med ønske om å sjå nærare på kommunikasjonen i parforhold og belyse moglege kommunikasjonsmønster, ville intervju av berre den eine i beste fall kunne gi eit bilde av mannens syn og oppleving av kommunikasjonsmønstret, og ikkje kommunikasjonsmønster som eit resultat av sampel mellom to.

Eit anna spørsmål galdt om eg skulle intervju paret ilag eller kvar for seg. Slik eg vurderte det kunne problemstillinga mi om kommunikasjon og kommunikasjonsmønster utforskast på fleire plan: Problemstillinga kunne gjerast til gjenstand for samtale med utgangspunkt t.d. i ein semistrukturert intervjuguide. Ein annan spennande innfallsvinkel kunne i tillegg vere å observere og analysere intervjusituasjonen der og då. Informasjon om kommunikasjonsmønster i parforholdet ville i så fall ikkje berre kome til syne gjennom å snakke om det, men kunne bli observert i intervjusituasjonen direkte. I analysen av materialet ser eg likevel at eg berre i avgrensa grad har evna å gå inn i dette eg kan kalle metaperspektivet rundt intervju, sjølv om dei memos og notat eg har skrive har stoff i seg til også å kunne reflektere over dette.

Eit tredje og siste moment som måtte vurderast rundt det å intervju paret samla eller kvar for seg, er forholdet mellom det å vere "forskar" og "terapeut/prest" i same miljø. Dette har eg omtalt nærare i avsnittet om forskingsetiske vurderingar i kapittel VI.

Eg valte altså å intervju par. På førehand bestemte eg meg for at informantane skulle vere i alder 25 til 50 år. Dette utvalet er gjordt fordi denne aldersgruppa utgjer

hovudtyngda av arbeidarar offshore. I tillegg har denne aldersgruppa gjerne gjennomlevd ulike fasar med småbarn, tenåringer og "halvvaksne" barn. Eg fann det ikkje nødvendig å ta stilling til om eg skulle søke å nå informantar som har levd permanent i eitt parforhold, eller om undersøkinga også kunne omhandle folk med eitt eller fleire faste forhold bak seg. Om informantane i undersøkinga mi skulle vere sambuarar eller ektefolk fann eg heller ikkje grunn til å førehandsbestemme. Dette har samanheng med ein grunnleggande tanke og erfaring eg har frå eigen familieterapeutisk praksis, at kommunikasjon i parforhold ikkje i utgangspunktet varierer med om paret er sambuarar eller gifte, men blir påverka av andre forhold.

Å på førehand bestemme seg for kor mange intervju eller informantar ein skal ha vil enkelte hevde ikkje er i tråd med ein grunnleggande tanke i Grounded Theory. Som eg har vist skal datainnsamling og analyse her skje parallelt. Målet er å få eit så fullstendig bilde av temaet som mogleg, og der ein søker etter relevant informasjon som kan støtte opp under eller utvikle ein ide eller teori. Ein kan altså ikkje på førehand bestemme seg kor mykje data ein vil trenge.

Når eg likevel sette ei ramme for kor mange eg ville intervju, hadde dette mest praktiske årsaker. Disponibel tid var ein faktor. Volum på masteroppgåva og krav om å få eit handterlig dokumentmateriale til analyse var eit anna. I samråd med vegleiar sette eg difor ei ytre ramme på maksimum fire par. For å sikre at godkjenning hos datatilsynet ikkje måtte søkast på nytt hvis likevel rammene vart utvida, vart det der søkt om inntil 6 par.

Gjennomføring av intervju og val av informantar kunne gjerast på fleire måtar. Eg vurderte å ta fleire intervju med same par. Dette kunne gi meg høve til fordjuping og utforsking av den innleiande kodinga av første intervju, og på den måten føre stoffet i metning og dermed kategoridanning. Ulempen for meg med ein slik framgangsmåte var todelt. For det første kjende eg på eit fagleg dilemma i å skulle knytte meg for tett innpå informantar som eg seinare skal arbeide iblant i annan setting. Å gå i djupta med eit par ville lett kunne skape uønska bindingar, som også kunne påverke analysearbeidet. For det andre tilsa omfanget på ei masteroppgåve, progresjonen i masterstudiet og tilgjengeleg tid, at innsamling av data måtte skje i ein avgrensa

tidsbolk. Det vart difor uhandterleg å legge opp til ein metode som tilsa innsamling av data over eit noko lengre tidrom.

Eit anna alternativ var å la den innleiande kodinga vere styrande for neste intervju, men der informantane var nye par. Eg valte dette alternativet. Ei av utfordringane med denne framgangsmåten er utvalskriteria. Heterogenitet kan vere eit viktig utvalskriterium i kvalitative studiar. Eg forstår *heterogenitet* slik Olaf Aagedal brukar omgrepet i si doktoravhandling: at ein prøver å trekkje eit utval som er mangfaldig og som kan kaste lys over ulike sider ved fenomenet som blir undersøkt (Aagedal 2003, s.111). Aagedal skriv at talet på informantar må avgjerast utifrå ulike omsyn. Ønsket om å få fram nyansar ved fenomenet det skal forskast på, må vurderast opp i mot ressursbruk på intervjutid og transkribering. I tillegg er det ei grense, hevdar Aagedal, kor omfattande materiale det er mogleg å halde oversikt over i ein kvalitativ studie (Aagedal 2003:112).

I studien min vart analysearbeidet frå første intervju styrande for kva par eg kontakta for neste intervju. I tråd med tenkinga i Grounded Theory gjorde eg ei rask koding og eit første analysearbeid etter første intervju før eg gjekk vidare til det neste osv. Val av para eg intervjuar var difor ikkje samla avklara før intervjuinga starta. Eg hadde gjort avtale med eit første par. Dette var eit par der han hadde vore gift før og hadde to vaksne barn frå dette ekteskapet. I det nye parforholdet var det ingen barn. Med bakgrunn i intervjuet med dette paret, fann eg det difor nødvendig å finne eit par med småbarn i huset. Etter nytt analysearbeid vart intervju nummer tre gjort med eit par med tenåringar i hus.

I utgangspunktet hadde eg som tidlegare nemnt i samråd med vegleiar sett ei ramme på fire par som skulle intervjuast. Etter analysen av dei tre første intervjuar var datamengda så stor og tida så knapp at eg valte å ikkje ta det siste intervjuet. Eg meiner likevel at innhenta materiale er stort nok til at analysen vil vise nokre trendar i kommunikasjon og kommunikasjonsmønstrer hos par der mannen pendlar offshore..

Intervjurundene var styrt av ein semistrukturert intervjuguide, men denne utgjorde berre ei ramme for intervjuar. Oppfølgingsspørsmåla i samtalen var ofte styrt av

foreløpige funn og refleksjonar eg hadde gjort meg etter førre intervju. Den semistrukturerte intervjuguiden hadde fire punkt:

- a. Kommunikasjonen like før utreise
- b. Kommunikasjonen like etter å ha kome ut på plattform
- c. Kommunikasjonen like før heimkomst
- d. Kommunikasjonen like etter heimkomst.

Intervjuguiden kunne ha sett annaleis ut. Når eg valte denne fire-delinga hadde det fleire grunnar: For det første hadde eg ein idé om at faseovergangar kan vere særleg utfordrande. Tanken er mellom anna basert på kunnskap om at slike overgangar i livet generelt er særleg krevande (Jensen 1991:197). Den andre grunnen til firedelinga i intervjuguiden var eigne erfaringar som pendlar, og møte og samtalar over fleire år med mange i same situasjon. Fire-delinga syns å fange opp dei faser som er særleg utfordrande eller krevande. Ulempen med dette utgangspunktet kunne derimot vere at eg ville ha meir fokus på "utfordringane" og "problema" enn det motsette. Eg meiner likevel eg langt på veg har kome til rette med desse utfordringane gjennom to tiltak: Den semistrukturerte intervjuguiden var romsleg nok til både å fokusere på tema, samtidig som den ikkje styrte samtalen. Eg kunne dermed lytte til historiene. Det andre tiltaket som eg meiner sikrar ei meir objektiv analyse, er val av Grounded Theory som forskingsmetode

Ramme for intervjuet var ca ein time. Eg brukte bandopptakar då ingen av para hadde innvendingar til dette, og skreiv ned observasjonar (feltnotat/memos) parallelt. Lydopptaka vart transkriberte av meg sjølv etter kvart og før neste intervju.

Totalt har eg intervjuet tre par. Alle para bur nå på Vestlandet, men har delvis vakse opp eller budd andre stader i landet. Talet på informantar er lite, totalt seks. Resultata frå studien må difor brukast kritisk. Det var likevel dette volumet det var rom for innafor rammene som eit deltids masterstudium og masteroppgåve på dette nivået kan vere. Funna mine kan derimot ikkje brukast som eintydige konklusjonar på ei utfordrande problemstilling. Men det eg har kome fram til gir etter mi vurdering like fullt ei interessant retning i tematikken som det er grunn til å reflektere vidare over.

5.7 METODEKRITIKK

Eg har prøvd å gjere greie for nokre av dei metodiske vala eg har gjort i samband med denne studien. Andre val ville kunne ha gitt andre resultat. Sannsynlegvis ville anna datatilfang vore minst like spennande å gå inn i som det materialet eg har lagt til grunn. Eg ser for meg iallfall fire moglege metodealternativ:

- a. Eg har valt å intervjuje paret samla. Dette vil eg delvis grunngje i neste kapittel. Men med ein slik framgangsmåte kan viktig informasjon ha gått tapt. Ved å intervjuje partane enkeltvis kunne historiene ha blitt heilt annaleis. I mange parforhold kan informasjonen bli forma og sensurert av omsyn til den andre. Eg har ikkje belegg for å seie at dette skjedde hos mine informantar. Men forskingsmessig ville det ha vore spennande også å ha ei slik tilnærming, eventuelt både individuelle intervju og påfølgande parsamtale.
- b. Eg har i hovudsak konsentrert meg om det som blir *fortalt*. Kommunikasjon er derimot slik eg vil vise det i kap VIII meir enn ord. Eg kunne difor frå intervjuja i større grad ha drøfta *det fortalte* opp mot det *observerte*. Eg kunne altså i god familieterapeutisk tradisjon ha jobba med datamaterialet ut frå *konteksten* og samspelet mellom det talte og kropps-språket, mimikken, tonefallet osv. Dette ville kunne ha gitt meg større innblikk i om *dei fortalte historiene* avspegla den enkelte si *oppleving*.
- c. Eg enda opp med å intervjuje harmoniske parforhold. Dette var ikkje eit bevisst val. Men eg kunne i endå større grad ha søkt eitt eller fleire par der konflikt knytta til pendlarlivet var meir tydleg og synleg. Det er grunn til å tru at slike parforhold fins, iallfall i ei overgangsfase inntil han har funne seg anna arbeid eller at paret har valt kvarandre bort. Slike parforhold er derimot ikkje med i studien min.
- d. Eg har tidlegare gjort greie for at eg i utvalskriteria eit stykke på veg har prøvd å gå etter heterogenitetsprinsippet. Som den seinare analysen vil vise, er derimot para i studien min svært homogene: Ingen av dei lever i openberr parkonflikt. Ingen av dei uttrykkjer misshag med pendlarlivet. Ingen ynskjer seg umiddelbart over i anna arbeid eller anna livsmønster. Eit større utval ville difor sannsynlegvis gitt større heterogenitet, og dermed kunne ha gitt studien min større tyngde. Når det likevel har blitt som det har blitt, har eg prøvd å

grunnge dette med disponible rammer og tid ein på masternivå har til rådvelde, og det nivået og omfanget som ei masteroppgåve skal ha.

KAPITTEL VI: FORSKINGSETISKE REFLEKSJONAR

Å forske på det miljøet der ein elles har sitt daglege virke, stiller store krav til tydelegheit, presisjon og grenseoppgang. I intervjusituasjonen er dei etiske problema særleg knytta til vurdering av kor personleg og nærgåande spørsmål ein kan stille (Thagaard 2003:106). Som prest og familieterapeut i det same miljøet er mange samtalar underlagt teieplikt. Som forskar er noko av poenget å kunne antyde slutningar frå det individuelle og private rom over i det generelle og offentlege rom. Først då kan forskinga få allmenn betydning og interesse.

Eg har tidlegare gjort greie for metodiske grunnar til at eg valte å intervjuje paret ilag. Dette spørsmålet hadde også forskingsetiske konsekvensar. Ved å intervjuje paret samla kunne eg lettare kome til rette med dilemmaet mellom å vere "forskar" og "terapeut/prest" i same miljø. Ved å intervjuje kvar for seg ville informasjon frå den eine kunne vere ukjent for den andre. Korleis skulle eg i så fall handtere denne informasjonen? Kva krav ville slike sensitive opplysingar frå den eine i så fall stille til oppfølging og ivaretaking av begge ?

Steinar Kvale har i boka "*Det kvalitative forskningsintervju*" (Kvale 2001: 67) sett opp etiske sider ved dei sju forskingsstadia han opererer med. I samband med val av *tema* hevdar han at formålet med ei intervjuundersøking ikkje berre må vurderast ut frå den vitenskaplege verdien, men også med omsyn til forbetringar av den menneskelege situasjonen som vert utforska.. Eg meiner å ha vurdert dette i kap III.

Kvale held vidare fram dei etiske sidene ved *planlegging*, og nemner her innhenting av informert samtykke, sikre konfidensialitet og vurdere kva konsekvensar studien kan ha for intervjupersonane. Eg viser i så måte til informasjonsskriv og skjema for samtykke som ligg ved bakerst i oppgåva. Like eins fins der kopi av prosjektet si godkjenning hos NSD.

Forskaren må iflg. Kvale både vurdere *intervjusituasjonen* sine moglege konsekvensar for intervjupersonane, og tenke gjennom moglege berøringspunkt mellom forskningsintervjuet og det terapeutiske intervjuet. Eg meiner å ha gjort greie for i kap 5.6 kva vurderingar eg har lagt til grunn for viktige metodiske vegval.

Transkriberinga har eg gjort sjølv og meiner at eg difor har tatt omsyn til nødvendig konfidensialitet. *Analysering* , både metodeval og utføring, har eg gjort greie for i egne kapittel, og meiner eg har behandla dataene respektfullt og analysert fagleg forsvarleg sjølv om eg ikkje har latt intervjupersonane få vere med å bestemme korleis uttalelsane deira skal tolkast.

Etter beste evne har eg prøvd å skrive ei masteroppgåve der eg rapporterer kunnskap så sikkert og *verifiserbart* som mogleg, og gitt sluttproduktet ei *form* som eg meiner sikrar fortsatt konfidensialitet for informantane.

DEL II :

EMPIRI OG ANALYSE

KAPITTEL VII: FRÅ DATA TIL ANALYSE

7.1: FRÅ KODING TIL KATEGORI

Å vere mastergradstudent betyr også å skulle lære seg eit handverk. (Everett/Furseth 2004 s.138) Eg har tidlegare gjort greie for ulike metodealternativ, og gått grundig inn i Grounded Theory slik Charmaz brukar den. Eg har også forklart kvifor hennar steg-for-steg modell var relevant i analysen av dei data eg samla inn. Eg valte å transkribere alle intervju sjølv. Dette gav god anledning til parallelt å reflektere over stoffet, skrive memos og notat knytta til observasjonar i intervjusituasjonen, tankar undervegs og i etterkant, og refleksjonar i bearbeiding av stoffet fram mot ei kategorisering. Eg er klar over at materialet inneheld meir stoff enn det eg lyfter fram, men eg meiner at dei fokus eg har satt ikkje gjer urett mot informantane, men tvert om lyfter fram viktige moment som belyser problemstillinga mi.

Å arbeide med innsamla stoff er både inspirerende og krevande. Etter kvart som innhaldet i dataene steig fram og vart klarare, var det ei stadig utfordring ikkje å lese dei med "terapeut-briller": prøve å spekulere i kva bakanforliggende årsaker som kunne ha skapt mønstra, i staden for å la mønstra få tale for seg sjølv. Når t.d. ein av informantane snakkar om at ho ikkje er flink nok til å kommunisere, er det lett å tenke og foreslå tiltak som boteråd for dette. Når eit par fortel om lange og gode samtalar med kvarandre dagleg, også når han er ute, er det lett å bli fanga av eigne erfaringar og kanskje stille seg spørrende til om det i ein hektisk kvardag verkeleg kan vere aksept for dette hos begge. Når telefonkontakt frå plattformen skjer fleire gonger for dag, kan ein bli opptatt av å på ein forenkla måte å finne årsaken til dette: Er det uttrykk for einsemd og lengt? Er det uttrykk for usikkerheit og kontroll? Eller er det rett og slett genuin kjærleik og interesse for kvarandre?

Alt dette og meir til er nedfelt i ulike memos som har hjelpe meg i den meir inngåande analysen av datane før eg kom fram til dei kjernekategoriene og til slutt sat igjen med. Med *kategorisering* meiner eg her det analytiske steget der eg vel ut eller brukar visse koder fordi eg meiner dei er meir signifikante eller omhandlar fleire fellestema i materialet. Dette har eg gjort greie for i kap. 5.5. I samband med denne prosessen er altså memo-skrivinga nødvendig og viktig, fordi kategoriene skal forklare idear, hendelsar eller prosessar i dataene – og gjere dette med talande ord.

Eg har også i kap. 5.5. forklart kva *koding* betyr i denne samanheng: Det er den prosessen som definerer kva dataene handlar om. Koding betyr å namngi segment av dataene slik at kvar datadel både blir oppsummert og forklart. Datamaterialet mitt har eg koda i fleire omgangar. Første intervjuet gjennomgjekk ei innleiande koding før neste intervju. Intervju 2 gjennomgjekk ei tilsvarande innleiande koding før intervju 3, samtidig som eg foretok ei meir fokusert koding av intervju 1 osv. Summen av denne prosessen gjorde at eg til slutt sat igjen med hovudgrupper av koder som eg har samla under overskrifter slik det er vist nedanfor

7.2. KORLEIS OPPLEVER PARET PENDLARLIVET

Å pendle i Nordsjøen kan vere så mangt. Informantane i undersøkinga mi er alle par der han er tilsett i større operatørselskap. Dette betyr ordna rotasjon. I utgangspunktet innebærer denne rotasjonsordninga to veker offshore og fire veker heime. Dette blir i daglegtale i oljemiljøet kalla ei to-fire-ordning. Tilsette i andre selskap enn dei store operetørane kan ha andre rotasjonsordningar. Desse er ikkje med i denne undersøkinga. Utfordringane for desse gruppene ville sannsynlegvis ha vore annaleis.

Å leve med pendling hadde para i undersøkinga mi ulik erfaring med. Nokre av dei eg intervjuar hadde levd slik i årevis, for andre var dette eit relativt nytt liv. Hos det eine paret hadde pendling vore ein del av livet både då han var fiskar, segla i utanriksflåten og no i Nordsjøen. Endringane opplevde dei begge som ei positiv utvikling: "Det å vere vekke to veker no er ikkje nokon stor ting for oss[...]eg som har vore vekke i både to og tre og fem og seks månader tidlegare". Og hennar oppleving av tidlegare perioder i livet vart uttrykt på ein sterk måte: "Eg var så møkkalei av all

den reisinga. Han var langt vekke og eg var åleine med ein liten unge, så då var det vel meir eg syns det var eit problem. Det var iallfall frykteleg trasig. Eg greidde ikkje å glede meg over at han var heime fordi eg visste at det er berre ei lita stund så drar han igjen. Så no har vi det heilt topp i forhold”

For nokre par, i mitt materiale det paret som ikkje lenger hadde ungar i hus, syns vekslinga mellom uteperiode og friperiode å gå enklare. ”Eg er veldig sånn av og på jobb”, sa han. Han meinte sjølv det hadde samanheng med jobbinnhaldet ute. Tidlegare hadde det vore annaleis. Då gjekk han heile tida med tankar om det gjekk bra der ute på plattformen. No var det ikkje slik lenger: ”Når eg reiser på land med helikopteret, då er eg ferdig på jobben”.

Eit anna av para syns også at pendlarlivet gav rom for individuell fridom. Ho kalla jamvel hans uteperioder for sine ”friperioder”. Då kunne ho prioritere eigen jobb og arbeidssituasjon: ”Når han er vekke så slepp eg å tenke på han”.

For paret med minst pendlarerfaring var det samanlikninga med tidlegare jobb som gav utslaget. Han jobba då i helsevesenet, og vart mykje brukt også til ekstravakter: ”Eg hadde veldig ofte dobbeltvakter. Eg var ikkje heime før elleve-halvtolv. Og då var det å stå opp neste morgon klokka halv sju og rett på dagvakt”. Og ho skaut til: ”Han såg ikkje borna”. Same paret hadde ei fase utan fast offshore-rotasjon. Då var det meir ”å hive seg rundt for å reise ut”. Og ho utfylte bildet: ”Ein gong fekk han telefon klokka elleve 17.mai! Og skulle vere klar neste dag klokka seks! Då var det berre å vaske vekk bunaden....”.

Ein skulle tru at å ha lange friperioder kun var forbunde med glede og positive opplevingar. Slik er det nok ikkje alltid. Å ha fire veker fri ni gonger i året stiller krav til begge partar. Ei av konene uttrykte det slik: ”Eg veit nok at eg tenkte tanken då du begynte i Nordsjøen: Skal tru korleis det blir å gå opp i kvarandre mange veker i slengen [...] skal tru om det blir problematisk eller greitt?”. Og ei anna sa følgande: ”Han fekk sånn senebetennelse i ei hand. Gud bevare meg – eg skulle prøve å få han til å sitte roleg inne eit par dagar og sjå på ein film. Men det er jo heilt umulig ! Han marmar ute til klokka sju-åtte når han får lov !”.

Fleire av para fortel om det dei kallar "prosjekt" for å fylle fritida. Dei fleste prosjekta er sjølvvalgte. Som oftast er det han som har dei. Det er grunn til å tru at dei likevel kan prege livet for begge: "Han likar å halde på med prosjekt, men hvis han ser at han ikkje blir ferdig og veit at han må vente i 14 dagar med ting, det er då han blir stressa". Han kan derimot oppleve stresset på ein annan måte: "For å seie det sånn: Eg blir meir stressa sjølv hvis eg ikkje får gjere ting. Kanskje ho merkar stresset hvis eg jobbar mykje for å bli ferdig ? Det merkar ikkje eg på same måte. Kanskje ho er meir var for det, men eg merkar sjølv hvis eg ikkje får gjere det eg vil og må sitte i ro. Då merkar eg sjølv at eg blir i dårleg humør. Og sikkert vanskelegare å ha med å gjere. Det kan eg godt tenke".

Same temaet berører ein annan nordsjøarbeidar når han uttalar: "Eg kan no sei det at når det er dei siste dagane før eg reiser ut igjen, så kan de vere ganske sånn hektiske og heavy, både fordi eg veit kva eg skal ut att i, og med tanke på hvis det er ting som har skjedd i familien. Då er det ein dårleg kombinasjon".

Det er altså ikkje alltid frivillig valgte prosjekt som pregar friperioden. På lik linje med andre par og familiar krev kvardagen sitt. Ting skal ordnast og klargjerast i hus og heim, slik at når han set seg i drosja og drar, "så veit han og eg at eg slepp å ha bekymringar for det som ville ha blitt vanskeleg rett etter at han hadde dratt".

Å vere pendlar kan ofte bety å føle seg utanfor i lokalmiljøet. Ein av informantane sa at han lever "på utsida i bygda" som eit resultat av pendlarlivet, og at han ikkje har "noko nettverk lenger". For han førte dette til at han følte eit mykje større nettverk i familien. Ein annan løyste same utfordringa på ein annan måte: "Vi er ein del av eit lite bygdesamfunn, og då er ein i grunnen nøydd til berre å engasjere seg i folk og fe og vel, vere med som eit aktivt medlem enten ein vil eller ei"..

Fleire av para fortel om lengslar og behov. Ikkje alltid er paret i lik rytme på dette. Av og til er det dei ytre rammene som gjer at det blir slik. "Når vi klarar å ha litt fritid ilag, så fungerer det og vi har det fint saman",sa han i eitt av parforholda. Og ho utfylte bildet: "Eg går med dårleg samvittigheit heile tida. Så eg må gjere noko med det. Hvis ein ikkje kan vere ilag, så er det ikkje vits i å vere ilag, på ein måte". Begge syns ho jobba for mykje, men paret hadde ikkje råd til at ho gjekk ned i stilling.

SAMANDRAG

Para i denne studien opplever at pendlarlivet er positivt. Begge partar trivs med livsrytmen og meiner den både gir stor individuell fridom og gode muligheter for eit godt samliv. Kommunikasjonen og kommunikasjonsmønstra varierer meir med livsutfordringane dei til ei kvar tid har, enn med det faktum at den eine i parforholdet er pendlar.

7.3 KORLEIS ER KONTAKTEN ?

Folk flest lever hektiske dagar. Nordsjøarbeidarpar er slik sett ikkje noko unntak. Som regel er begge partar i arbeid. Dette betyr at når han er fri er ho likevel i jobb. I undersøkinga mi var det somme som dreiv eige firma, andre hadde jobb i offentleg sektor. Med ein ektefelle som er heime frå Nordsjøen i fire veker i strekk, betyr dette i mange tilfelle at kontakten paret imellom vert annaleis enn om begge hadde hatt dagjobb i land. "Når eg er heime så kan eg stikke innom henne mange gonger om dagen, då har eg litt meir føling med kva som skjer", uttalte mannen til ei som dreiv eige firma.

Når han er ute blir det annaleis. På så godt som alle installasjonar er det forbod mot å ha med mobiltelefon. Dette gjer at SMS-meldingar ikkje er eit alternativ. Ei plattform er høgteknologisk og datastyrt. Mange som jobbar der har likevel ein praktisk industriell eller maritim bakgrunn. Bruk av data som privat kommunikasjonsmiddel kan difor for mange ha ein like høg terskel som for mange i land. Slik også for mine informantar.

Då er det ordinær telefon som blir kommunikasjonsmiddel, med dei muligheter og begrensingar som ligg i det. I motsetnad til tidlegare år då oljeinstallasjonane kun var utstyrt med ei eller fleire telefonboksar plassert på fellesareal ombord, har nå kvar lugar sin eigen telefon og linje i land. Dette gir sjølvstøtt større rom for privatliv og privatsamtalar. I tillegg arbeider mange på arbeidsplassar om bord som gir høve til å ta kontakt i land også i arbeidstida.

Fleire syns å ha dagleg telefonkontakt. Tidspunktet og måten det skjer på varierer. Somme kan ha kontakt fleire gonger om dagen: "Han ringer iallfall fem gonger for dag". Ho fortel det med ein viss latter, men seier samtidig at ho syns det er flott sjølv om det av og til kan opplevest litt ofte: "Eg har ikkje alltid noko å fortelje han". Han unnskyldar seg med at han har ein jobb der det er mulig, og ho bekreftar at det opplevest som koseleg særleg om morgonen når han kan ringe og berre seie: God morgon !

Andre kan ha lange samtalar dagleg. Eit par fortalte at kvar kveld på eit fast tidspunkt ringte han: " Då snakkar vi eit par timar av og til". Begge syns at dette var flott, ingen av dei la vekt på at dette var tidkrevande eller ikkje passa inn i andre oppgåver eller gjeremål. Initiativet ser alltid ut til å gå frå plattformen og heim, sjeldan motsett. Dei heime er redde for å forstyrre: "Eg trur at eg forstyrrar, då må det vere noko, eg ringer kun til han hvis det er noko som brenn, som eg ikkje greier". Enkelte av ektefellane heime gir i tillegg inntrykk av å vere vant med å ordne opp, greie seg sjølv: "Det var no av og til eg helst burde hatt tak i han der og då, eit eller anna som skulle bestemast eller som eg ikkje hadde lyst til å bestemme sjølv, men eg veit ikkje, det gjekk no det med".

Alle para eg intervjuar syns å ha ei god kontakt seg imellom sjølv om han er borte. Ei av konene uttrykte det på denne måtan: "Han har en utrulig tilstedeværelse når han er ute". Det å vere borte betydde altså ikkje å vere fråværande. "Eg trur sjølv at det er lettare å vere litt forståelsesfull når eg er der ute enn når eg er her heime", sa ein av mennene.

Eit av para understreka at dei snakka ilag mykje uansett: "Det er av og til slik at vi må be om taletid, her i huset, for det er så mange som vil seie noko. Så ein må sette seg på taleliste!" Same paret fortalde at dei gjorde mange ting ilag i hus og heim, og at dei snakka mykje ilag uansett. For nokre derimot kan det tette samværet i friperiodene tilsynelatande bli i meste laget. På spørsmål om dei opplevde at det tette samværet kunne bli slitsomt, svara ei lakonisk: "Han er heldigvis framme i lageret av og til!"

Det ser ut til å vere eit gjennomgåande trekk at dei første dagane etter heimkomst er spesielle for mange. Fleire av para syns intuitivt å ha ei oppfatning av, og lever etter det, at det er han som er mest sliten etter ei uteperiode. Då er ho ofte seg bevisst at i slike perioder er det nødvendig å ta konkrete omsyn: "Dei to første dagane etter at han kjem heim så prøver eg ikkje på mase[...].Med mase så tenkjer eg meir på psykisk stress mot deg,liksom: Skal ikkje du gjere det og det..." .Eit anna par går "stilt i dørene" berre første kvelden, og han set pris på at ho tek omsyn til at han er sliten etter jobbperioden: "Du let meg no få sove om morgonen..."

Ikkje hos nokon av para syns praksis å vere det motsette: No har du hatt det så travelt her heime at du skal få sove ut. Ein av informantane innrømmer rett nok at ho går litt "i kjellaren" sjølv: "Når han har kome heim igjen etter ei 14-dagars-periode, då kan eg kjenne at eg har halde meg oppe litt på vilje på slutten.(...)Han kan vere litt sånn psykisk trøtt (...). Eg trur eg er meir fysisk trøtt" . Etter kvart kunne han tre støttande til og glede seg over å få stelle heime, det han kalla å ha "heimelege indretenster". Dette opplevde ho som positivt: "Då blir det støvsuga og vaska, ungar blir bada, middagen kjem på bordet og ungane får leksehjelp. Og så kan eg gjere meg ferdig på jobb og ikkje ta med meg alt heim.[...] Det er veldig psykisk godt å få fysisk fred".

SAMANDRAG

Para i denne studien syns å ha god innbyrdes kontakt sjølv når han er borte. Nokre opplever jamvel at kontakten og evnen til å lytte til kvarandre kan vere betre når dei er frå kvarandre. Dagane like etter heimkomst kan derimot vere ekstra utfordrande, og stiller krav til fleksibilitet og vilje til å ta omsyn til kvarandre.

7.4: KVA BLIR DET SNAKKA OM ?

Nordsjøarbeidarpar er sannsynlegvis like forskjellige som alle andre. I mange parforhold kan den eine vere meir verbal enn den andre. Somme evnar sterkare å vise empati og interesse. Nokre har lettare for å legge ting bak seg. Andre sorterer ut, bevisst eller ubevisst, den informasjonen som blir den andre til del. "Eg kan ha problem på jobben, men eg fortel ikkje om det før det er løyst", sa ei som dreiv eige firma. "Eg kan plutseleg snakke om ting som har skjedd for to månader sidan, og så har han aldri høyrte om det"

Utreisa kan innimellom bli eit tema: "Før var det meir slik at det blei eit snakketema i fem-seks dagar at eg skulle reise". Med rutine og erfaring blir det annaleis. Hos eit par der han har arbeidd offshore i nærare 20 år, sa ho det på denne måten: "Han er sånn at han er heime til han skal dra. Han pakkar ein time før. Han driv ikkje og stressar med å pakke og lage til".

Andre søker bevisst og aktivt den gode følelsen i parforholdet, og er avhengige av at den er på plass før han reiser ut. Hos eit par der han skulle reise ut dagen etter intervjuet, understreka han det viktige i å få vere ilag, leie kvarandre litt og vere kjærstar. Det var viktig med den kontakten som blei skapt, og signala dei gav kvarandre. "Så det at også ungane ser at vi leier og kyssar litt", meinte begge var godt og nødvendig. Ho kalla det "å fylle batteria", han karakteriserte det som å få "den gode vibben" før utreise.

Telefonpraten utanfrå syns å ha fleire formål: "Eg har den vanen at med det same eg har landa, så ringer eg. Når eg kjem inn på lugaren, før eg har tatt av meg overlevelsedrakta ein gong, så ringer eg: Nå har eg landa". Dette ser ut til å vere eit mønster for fleire. Ei av konene kalla det "ein sånn eitt-minutt-samtale". Det syns å ligge ei slags trygghet i det å vite at helikopterturen har gått bra.

Telefonpraten er også ein måte å halde kvarandre oppdaterte på. Hos det eine paret seier begge at dei har for vane å "fortelle igjennom dagen". Ho fortel kanskje mest, han kan ha opplevd at dagen ute har vore prega av rutiner. "Men så har det likevel vore eitt eller anna som har gripe tak i samtale". Ofte er borna eit viktig samtaleemne,

både gleder og sorger. Det syns å vere viktig for den som er ute å få detaljert informasjon "om det du ikkje ser og tar del i sjølv". Ein av informantane meinte han kom i eit anna modus når han var ute. Mens han var der måtte han spørje om ting han ville ha fått informasjon på annan måte når han var heime: "Kva skjer? Kva held du på med? Har du snakka med den og den?".

I nokre situasjonar skjer det ei siling av informasjon. "Det kan hende eg sorterer litt", sa ei kone. Ho visste at han hadde det travelt på jobb ute, og utfordringane på heimebane med ei utprøvande og grensetestande tenåringsjente kunne av og til vere store: "Det kan hende eg seier halvparten, ikkje alle detaljane som eg veit vil bli vanskelege for han. Eg tenkjer: Har det noko å seie at han veit alt? Eg syns han har så stressande kvardag der ute at han treng iallfall ikkje å få meir".

Av og til kan det synast som avstand er bra også for å handtere saker eller tema som lett kan føre til småkranglar. Eit par fortalde at hos dei var avtalekalendaren alltid full. Ungane hadde faste aktivitetar her eller der, familiebesøk skulle planleggast og deltaking på arrangement i lokalmiljøet skulle avtalast. Han kunne innimellom kjenne på behov for å å berre gjere det han hadde lyst til sjølv. Han kunne føle seg pressa av henne: "Eg er ikkje før komen inn døra før du skal begynne å presse meg hit eller dit". Ho løyste dette med å ta fleire av desse spørsmåla opp over telefon mens han var ute i havet. Då blei det ikkje så emosjonelt. "Då har vi avklart det, så har vi ein avtale på det. Ferdig med det".

Utfordringar i storfamilien blir det også snakka om, både paret imellom og i kontakt med andre familiemedlemmer: "Og så har eg no mor mi som eg snakkar med kvar dag, og yngste bror min snakkar eg med ganske ofte". Fleire av para eg snakka med kunne fortelje historier om stort ansvar og tidkrevande innsats ute for å løyse utfordringar på heimebane. I samband med ei alvorleg familiekonflikt fortalde ein av informantane at han via nettverket sitt jamt måtte vere i kontakt med politi, sosialkontor og trygdekontor mens han var om bord på plattformen, og fleire gonger tok han natta til hjelp for å avverge krisesituasjonar. Situasjonen varte i nokre år, med stor slitasje uttapping. "Det gjorde no at eg enda opp i ei sjukmelding sjølv".

SAMANDRAG:

Para i denne studien opplever at skiftinga mellom uteperioder og heimeperioder både har fordelar og ulemper. Vekslinga gjer det nødvendig å pleie relasjonen når ein er ilag, men gir samtidig rom for nødvendig avstand. Nordsjøarbeidaren lever ofte tett på sine også når han er om bord i plattformen. Ein viktig føresetnad for dette er at det er god og hyppig kontakt paret imellom også når han er borte.

7.5 FRÅ KATEGORI TIL TEORI

Analysen av datamaterialet har brakt meg til kategoriar som "skal forklare idear, hendelsar eller prosessar i dataene – og gjere dette med talande ord" (Kap 5.5) . I tråd med Grounded Theory sin bruk av omgrepa, har eg har valt å summere funna mine i to slike kjerne-kategoriar:

1. Para som er med i denne studien syns å trivast med livsrytmen og meiner den både gir stor individuell friedom og gode muligheter for eit godt samliv. Utfordringane varierer med livssituasjonen, og lange friperioder kan vere like utfordrande som korte uteperioder. Dagane like etter heimkomst syns å vere ekstra utfordrande.

2. Den skiftande rytmen mellom friperiode og uteperiode syns å framtvinge vilje til og forståing for at det er nødvendig å ta særskilte omsyn til kvarandre. Å pleie kontakten er viktig uavhengig av fysisk avstand. Nokre opplever at kontakten og evnen til å lytte til kvarandre innimellom kan vere lettare og betre når dei er fysisk frå kvarandre.

I følgje Charmaz kan slike kjerne-kategoriar bringe materialet frå eit beskrivande plan til eit meir abstrakt og teoretisk nivå (jmfr. Kap 5.5). Målet er å prøve å definere kva eigenskapar desse kjerne-kategoriane har, under kva omstende dei opererer, og under kva omstende dei endrar seg. Eg ser fire slike eigenskapar:

- Pendling offshore blir opplevd som positivt for begge partar
- Friperiodene er like utfordrande som jobbperiodene
- Kvaliteten på kontakten hos paret uavhengig av pendlinga
- Fysisk avstand fører nødvendigvis ikkje til emosjonell distanse

7.6 OPPSUMMERING

Analysen av datamaterialet mitt har ført meg fram til ei breiare forståing av korleis pendlarpar opplever sin eigen livssituasjon. Pendlarar offshore er ikkje annaleis enn andre samfunnsborgarar. Dei individuelle ulikskapane varierer. Utfordringar i parforhold og familieliv vil veksle. Ut frå materialet meiner eg likevel å sjå konturar av mønster. Nokre av dei er både lite sensasjonelle og meir sjølvsgatte. På nokre felt har eg i analysen av materialet blitt overraska.

Utgangspunktet for undersøkinga mi var å sjå på kommunikasjonen hos par der mannen pendlar offshore, og leite etter kommunikasjonsmønster. Etter analysen sit eg igjen med følgjande:

- Når eg ut frå materialet kan konstatere at pendlarlivet blir opplevd som positivt for begge partar, er det grunn til å tru at dette vil ha mykje å seie også for kommunikasjonen og kommunikasjonsmønsteret hos paret.
- Når datamaterialet viser at friperiodene trivselsmessig kan vere like utfordrande som jobbperiodene, vil kommunikasjonen og kommunikasjonsmønsteret ikkje kunne seiast å vere eintydig i den eine eller andre perioden.
- Når kvaliteten på kontakten paret imellom er uavhengig av pendlinga, seier det noko om at individuelle eigenskapar i kommunikasjon og kommunikasjonsmønster er avgjerande og må tilpassast livssituasjon.
- Når fysisk avstand ikkje nødvendigvis fører til emosjonell distanse, snur det på mange måtar opp-ned på oppfatningar vi kan ha om at den beste kommunikasjonen og dei sunnaste kommunikasjonsmønstra skjer ansikt-til-ansikt.

DEL III:

DRØFTING OG KONKLUSJONAR

KAPITTEL VIII: DRØFTING

8.1 INNLEIING

I denne delen av masteroppgåva ynskjer eg å drøfte dei mest sentrale funna mine opp imot det eg i litteraturgjennomgangen har argumentert for som mest relevant litteratur. I tillegg ynskjer eg å sjå nokre av funna mine opp imot mi eiga forforståing av tematikken.

8.2 FUNNA MINE SETT I FORHOLD TIL KOMMUNIKASJONSTEORI

Å snakke om *kommunikasjon* er på mange måtar samtidig å snakke om både *det velkjente* og *det vanskelege*. Som omgrep kjem ordet *kommunikasjon* av det latinske *communicare* som betyr å *forbinde* eller *ha forbindelse med*. Slik sett kunne den spissa problemstillinga mi innafor ei smal tolkingsramme mest handle om korleis par der mannen pendlar offshore har *forbindelse* med kvarandre. Watzlawick (Watzlawick 1967:21) nemner at i studier av menneskeleg kommunikasjon har mange ein tendens til først å tenke på setningslære og setningsbyggnad. Eg kunne altså i analysen av materialet mitt rette søkelyset på *korleis* paret kommuniserer, i tydinga setningslære, setningsbyggnad og form.

I det familieterapeutiske fagfeltet vil dei færraste tenke så snevert. Å snakke om setningslære og setningsbyggnad er meir ei sak for språkvitarane. Like fullt opplever vi at element frå ei "formtenking" om kommunikasjon kan bli tillagt vekt. Som innleiing til ei kursbok om samliv står det bl.a. å lese:

"Det vi vet i dag, er at et godt parforhold krever vilje og innsats, det kommer ikke av seg selv. Det som avgjør hvordan du og din partner kommer til å få det i framtiden, er ikke primært hvor

glade dere er i hverandre nå. Vel så viktig er hvordan dere greier å takle konflikter. Ulikheter og uenigheter er noe alle par kommer opp i. Hvis dere ønsker et godt parforhold, må dere lære å krangle på en konstruktiv måte". (Markman et al. 2003: 14).

I ulike kurskonsept om samliv er kommunikasjonstrening og konflikthandtering viktige element. I mange av desse kursa tek ein i bruk kognitive og adferdsmessige metodar for å forstå og dermed endre bla. kommunikasjonsmønster mellom par. Ein er gjerne opptatt av det som er feil i kommunikasjonen, og korleis denne kan forbeistrast.

Det er derimot eit faktum at alle para eg intervjuar syns å oppleve sin eigen kommunikasjon som god og ivaretakande. Ingen snakka om at det var vanskeleg å nå fram til den andre. Ingen opplevde å vere åleine om utfordringar og problem. Ingen syns dei gjekk inn i mønster der samtalen enda i små og store kranglar som dei ikkje evna å bryte. Det er difor grunn til å spørje om eit for stort fokus på kommunikasjonstrening tildekker andre viktige element i det å forstå kommunikasjon og kommunikasjonsmønster hos par der mannen pendlar offshore.

Eg har difor valgt eit anna utgangspunkt og ei vidare forståing av omgrepet *kommunikasjon*. Eg støttar meg her til Bent Ølgaard som seiere det slik:

Når jeg ser stolen foran meg, oplever smagen af kaffe, hører Beethovens niende, betragter papirets hvidhed og skriftens sorthed, kort sagt, når jeg bevæger mig omkring i min daglige omverden og oppfatter denne omverden[...], så er der tale om kommunikation, uanset hvad der i øvrigt foregår rent fysisk og fysiologisk. (Ølgaard 1991: 43)

Dette betyr sjølvst sagt ikkje at språket ikkje utgjør ein vesentleg del av menneskeleg kommunikasjon. Men det er altså ei meir utvida kommunikasjonsforståing eg har ønska å legge til grunn i denne masteroppgåva for å prøve å forstå det bildet som informantane har gitt meg.

Eg meiner difor at element frå Paul Watzlawick si tenking er relevant. Han hevdar at eit fenomen er uforklarleg hvis ikkje omfanget av observasjonar er vidt nok til også omfatte konteksten som fenomenet oppstår i (Watzlawick 1967: 20). Her byggjer han på Gregory Bateson sin kommunikasjonsteori som viser oss ein bestemt måte å

tenke og tale om verda på.(Ølgaard 1991:44). I den klassisk fysiske verda(som Bateson kallar *Den newtonske*) har ein å gjere med materielle gjenstandar, hendingar eller episoder som kan vegast og målast, og der ein er opptatt av å finne linjære kausalkjeder: *a fører til b som fører til c osv.* Bateson sin kommunikasjonsteori er derimot opptatt av det han kallar *det emiske aspektet (av emitto:utsende)*, dvs. den informasjonen som blir utsendt av hendelsen (ibid:45).

For å illustrere dette brukar Ølgaard fylgjande eksempel:

Hvis jeg får en lussing, vil jeg næppe hæfte meg mig ved slaget som fysisk energi, der overføres til min kind og får den til at rødme. Men jeg vil uden tvivl oppfatte hændelsen som en fornærmelse, et udtryk for foragt eller en straf eller lignende, dvs., jeg vil oppfatte hændelsens og den andens adfærds emiske aspekt, dens budskab. (Ølgaard 1991:45)

Når eg difor i denne oppgåva med utgangspunkt i ei spissa problemstilling om *kommunikasjon og kommunikasjonsmønstre hos par der mannen pendlar offshore*, like mykje skriv om opplevingane av pendlartilværet og kva konsekvens dette livet gir for begge, meiner eg å vere i nærleiken av Bateson og Watzlawick si forståingsramme på kva kommunikasjon er. Slik sett blir ein studie av *livsmønster* på mange måtar like mykje ein studie av *kommunikasjonsmønster*.

Styrka i dette synspunktet blir eg av Watzlawick som hevdar at vi menneske ikkje kan *"ikkje-kommunisere"* (Watzlawick et al. 1967: 49). Vi sender altså ut budskap heile tida, på fleire plan og på ulike måtar. Når difor para eg har intervjua i fleire samanhengar fortel om korleis dei *forheld* seg til kvarandre både i friperiodene og jobbepriodene, seier dei implisitt etter mi vurdering mykje om kva kommunikasjon og kommunikasjonsmønster dei har. Det var slåande i fleire av intervjusituasjonane at når eg etterspurte: *"Snakkar de om dette"*, så var dei enten ikkje i stand til å svare eller dei meinte at gjensidig informasjon utveksla dei likevel.

Det siste aspektet frå Bateson sin kommunikasjonsteori eg finn relevant i samband med studien min, er idéen om at *relasjonen* er grunnleggande og basis i all kommunikasjon.(Ølgaard 1991:63). Hos Bateson betyr dette at det er ulikskapane vi oppfattar meir enn faktiske gjenstandar og fysiske realitetar. Vi forstår alltid noko i

forhold til noko anna og ikkje isolert. Idéane våre om verkelegheita byggjer altså på at vi oppfattar relasjonane mellom t.d. kvitt og svart, mellom varmt og kaldt, mellom lys og mørke.

I tillegg tenkjer vi ofte at vi kommuniserer mest med kvarandre om *ting*. Men i praksis handlar størstedelen av kommunikasjonen vår om forholdet til kvarandre. Eit handtrykk, eit klapp på skuldra, eit blick eller eit ansiktsuttrykk seier noko om relasjonane våre til omverda. Slike *relasjonar* kan vi formidle med det verbale språket, men det viser seg ofte at dette blir formidla non-verbalt via kroppsspråk, tonefall osv. (ibid: 63).

Sett i forhold til funn i studien min er dette interessant. Som nemnt i analysen uttalte fleire av para at kontakten og evnen til å lytte til kvarandre innimellom kunne vere lettare og betre når dei fysisk var frå kvarandre. I praksis innebærer altså dette at par der mannen pendlar offshore og som i perioder kun har det verbale språket (via telefon) til å formidle det som folk flest brukar eit non-verbalt språk til å uttrykke, greier dette på ein måte som er tilfredstillande og god for begge.

OPPSUMMERING:

Med basis i kommunikasjonsteorien til Bateson og Watzlawick, meiner eg å ha grunnlagt kvifor eg i ein studie om *kommunikasjon og kommunikasjonsmønstre* har lyfta fram og analysert data som like mykje kan sjåast på som *livsmønster*. Eg har vidare grunnlagt dette med Watzlawick sin påstand om at menneske aldri kan *ikkje-kommunisere*, og eg har påpeika at *relasjon* er eit sentralt omgrep i Bateson og Watzlawick sin kommunikasjonsteori. Ikkje berre gjeld dette korleis vi oppfattar ting, men også heilt konkret at størstedelen av kommunikasjonen vår handlar om relasjonen vi har til kvarandre. At mykje av denne kommunikasjonen for mange skjer non-verbalt, er interessant samanlikna med par der mannen pendlar offshore og som i lange perioder kun har det verbale språket tilgjengeleg.

8.3 FUNNA MINE SETT I FORHOLD TIL CAMILLA KRING

8.3.1 KRING SITT PROSJEKT

Det andre faglege innspelet eg vel å drøfte funna mine opp imot, er Camilla Kring si doktoravhandling frå 2005 . Denne avhandlinga er eit produkt av eit Ph.d. studie utført perioden 1.august 2003 til 31.januar 2005 ved Institut for Produktion og Ledelse, Danmarks Tekniske Universitet. Ph.d.-prosjektet er ein del av Ingeniørforeininga i Danmark sitt prosjekt "*Get A Life, Engineer*", som er finansiert av det Det Europeiske Sosialfondet. (Kring 2005:7)


Kring sitt prosjekt hadde som utgangspunkt at mange unge sannsynlegvis gjer val om utdanning og jobb utan heilt å ha klare formeiningar eller ynskemål om korleis dei skal finne balansen mellom arbeidsliv og familieliv (Kring 2005:16). Målgruppa for undersøkinga er ingeniørar. Men avhandlinga henvender seg like mykje til alle i samfunnslivet med interesse for balansen mellom arbeidsliv og familieliv (ibid : 20)

Som forskingsmetode har Kring valgt å bruke scenarie-metode og kvalitative intervju (ibid s.41). Scenariemetoden har ho forklart utførleg (ibid : 42 ff) men eg går ikkje inn i dette her. Poenget er at ho gjennom 6 ulike scenarieverkstader med ulike personar ønskte å skape eit kreativt og visjonært rom for idéutvikling, der den enkelte gjennom ein dialogisk prosess kunne bli inspirert til å gjere ting annaleis når det gjeld å skape balanse mellom arbeidsliv og familieliv (ibid :46) Deltakarane på scenarieverkstadene var både gymnasiastar, ingeniørstudentar, ingeniørar utan barn og ingeniørar med barn (ibid :47f). Til saman var 80 personar med i desse verkstadene, og 9 av desse personane vart så intervjuet (ibid :55).

Den innhenta datamengden i Kring sitt prosjekt er formidabel. Sett i forhold til studien min er det difor berre deler av hennar arbeid eg vil gå inn i og bruke. Kring si problemstilling har ho formulert på fylgjande måte: "*Hvorfor er det svært for ingeniører at skabe balance mellem arbejdsliv og familieliv, og hvordan kan balancen skabes?*"(ibid :31)

8.3.2 KRING SIN BALANSEMODELLEN

For å belyse problemstillinga stiller Kring opp fleire undersøkelsesspørsmål, og for å svare på desse utviklar ho det ho kallar *ein balansemodell* (ibid :105ff).



Den subjektive dimensjonen er individets val og opplevelse av balanse. Den er altså uttrykk for ein slags tredimensjonal navigasjon, der individet set dei subjektive krava og ønska sine i relasjon til sosiale krav (*Den sociale dimension*) og tidsbundne rammer (*Den tidsmessige dimension*). Den sosiale dimensjonen er eit uttrykk for i kor stor grad individet er sosialt forplikta. Desse forpliktelsane heng saman med talet på krav og forventningar frå omgivnadene. Med den tidmessige dimensjonen meiner Kring ein strukturell og kulturell dimensjon (ibid :106). Samfunnet si kollektive tidsorganisering og tidsstrukturering set nokre rammer for den enkelte sin handlefridom til å organisere og strukturere tida på ein individuell måte.

Kring sin påstand er at ho meiner det må vere balanse mellom dei subjektive, sosiale og tidsmessige krava for at det kan skapast balanse mellom arbeidsliv og familieliv.(ibid :33) Den subjektive dimensjonen i balansemodellen er altså noko som blir opplevd og kan velgast av den enkelte. Rett nok hevdar ho at balansen mellom arbeidsliv og familieliv har blitt vanskelegare å få til i takt med stigande sosiale forpliktelsar og fleire tidmessige rammer (ibid :152). Men for å skape den gode

balansen må det ifølge Kring skapast endringar i individets tanke- og vanemønster, slik at individet kan lære å navigere mellom krav og rammer og dermed styre balansen mellom arbeidsliv og familieliv. Individuelle ønsker om endring må støttast opp av samfunnets institusjonar, verksemder og organisasjonar.(ibid :213), men dette hindrar likevel ikkje at balansen (ifølge Kring) i stor grad blir skapt gjennom individuelle val (ibid :38)

Eg har allereide nemnt at Kring si avhandling er omfangsrik, og at det vil føre for vidt i denne oppgåva å gå inn på alle aspekt ved hennar arbeid. For å besvare problemstillinga si har ho satt opp sju undersøkelsesspørsmål, og i kap. 10 (ibid:231 ff) oppsummerer ho svara på desse spørsmåla. Materialet frå scenarieverkastadene gir svar på nokre av dei, dei kvalitative intervju på andre. Balansemodellen hennar blir brukt for å forstå og tolke deler av materialet.

Eg finn likevel eitt av undersøkelsesspørsmåla meir interessant og adekvat sett i høve til oppgåva mi: *"Kva kan den enkelte, partane i arbeidsmarknaden og samfunnet gjere for å skape ein betre balanse mellom arbeidsliv og familieliv?"*(ibid: 237ff , oversett her). Blant fleire tiltak held Kring her fram det ho kallar *"det refleksive rom"* (ibid:238). Ho meiner med dette at det må skapast sosiale rammer og konkrete arenaer der individet får idéar og hjelp til å oppdage at ein faktisk kan bevege seg i eit handlingsrom som er mykje større en det handlingsrommet ein trudde ein hadde. Slike refleksive frirom kan bevisstgjere individet om kva familieverdier og arbeidsverdier det har. Når så individet er seg bevisst desse, er det enklare å endre desse verdiane og skape seg eit nytt navigeringspunkt i det å skape balanse mellom arbeidsliv og familieliv.

8.3.3 OPPSUMMERING

I analysen av datamaterialet mitt har eg prøvd å lyfte fram fleire viktige aspekt. Det eine er det eg her vil kalle *spørsmålet om total livskvalitet*. Slik eg ser det er den styrt både av individuelle val og verdier, og utanforliggende faktorar som den enkelte ikkje alltid har herredøme over. Å finne balansen mellom alt dette er det Kring kallar *den subjektive dimensjon*. Eg meiner å ha vist i analysen at dei para eg har intervju lever

midt i denne utfordringa. Det fins ynskjemål og draumar, udekka behov og lyster. Men alt dette blir regulert i forhold til det faktum at pendling er ein fast del av livsrytmen. Den eine i parforholdet er enten på reise ut eller skal kome heim. Livskvaliteten er avhengig av at pendlinga i minst mogleg grad blir gjort til eit problem og meir til eit faktum. Kommunikasjonen og kommunikasjonsmønsteret er dermed ikkje styrt av *temaet* pendling, men blir regulert som ein *konsekvens* av det.

I tråd med Kring si tenking meiner eg difor at materialet i studien min viser at den subjektive dimensjonen i balansemodellen er noko som blir opplevd og kan velgast av den enkelte. Slik også med kommunikasjonen paret imellom og dei kommunikasjonsmønster dei lever med eller går inn i. Også desse er subjektive.

Ingen av para gav heller signal om at det var spesielle negative kommunikasjonsmønstre dei sleit med. Derimot syns materialet å vise at det er ein gjennomgåande trend at når paret har akseptert pendlinga som ein del av livsrytmen, og gir kvarandre fridom til å strukturere og realisere individuelle ønsker, lyster og behov, har dei også innbyrdes god kommunikasjon og sunne kommunikasjonsmønstre anten dei er heime eller borte.

Det ser vidare ut til at paret sine evner og vilje til å sette seg inn i, forstå og respektere den andre sin livssituasjon er viktig. Dette betyr at det må skapast rom og arenaer for informasjonsutveksling. Slik er det vel i alle parforhold. Men for par der mannen pendlar offshore handlar det også om å gi den andre daglege oppdateringar av kva gleder og utfordringar dagen har medført, uavhengig av om begge er heime. Ingen av para gav uttrykk for at dette var tidkrevande eller problematisk. Alle syns tvert om at det gav dei mykje.

Eg opplever at dette på mange måtar er å lage "*det refleksive rommet*" som Kring kallar det i si avhandling. Som eg har vist før meiner ho med dette å skape sosiale rammer og konkrete arenaer der individet får idéar og hjelp til å oppdage at ein faktisk kan bevege seg i eit handlingsrom som er mykje større en det handlingsrommet ein trudde ein hadde. Para i studien min var jamt over gode på dette. Andre kan ha større utfordringar. Å hjelpe folk til bevisstheit om det nødvendige i å skape seg slike refleksive rom, ser difor ut til å vere viktig. I følgje

Kring er dette både eit individuelt ansvar, men også eit ansvar som ligg på arbeidsgivar og storsamfunn.

8.4 FUNNA MINE SETT I FORHOLD TIL EIGEN FORFORSTÅING

8.4.1: INNLEIING

Å få betre innblikk i andre nordsjøarbeidarar sine opplevingar av pendling og familieliv, er som eg har nemnt tidlegare også å forstå eigen livssituasjon betre. Eg har i perioder gjennom heile mitt yrkesaktive liv vore pendlar i ei eller anna form: Eg har jobba utanlands med familien buande i Norge. Eg har dagpendla til arbeidsplass to timar unna eigen heim, og eg har sidan 1996 vore nordsjøprest og familierapeut i oljeindustrien. I praksis har dette betydd stadige reiser til og frå heim og familie, med opptil to veker borte og i vinterhalvår sjeldan lengre tid heime.

I tråd med tenkinga i Grounded Theory har eg bevisst prøvd å legge noko av bakgrunnen min til side for ikkje "å lese denne inn i dataene". Om eg heilt har greidd det vil sikkert kunne diskuterast. Kanskje er det heller ikkje ønskeleg? Slik eg har prøvd å gjere greie for i Charmaz sin steg-for-steg-modell må eg både akseptere og kan dra nytte av at eg som forskar drar med meg eige liv og erfaringsbakgrunn inn i det miljøet og den tematikken eg vil forske på.

Eg har likevel som ei konkret hjelp for å kunne gå mest mogleg open til intervjusituasjonane og analysen av dataene, skrive ned mi eiga forforståing av korleis eg opplever at kommunikasjonen og kommunikasjonsmønsteret er i eige liv. Dette gjorde eg før datainnsamlinga starta. Når eg nå har bearbeidd datamaterialet, finn det likevel spennande og nyttig å vurdere nokre av funna i studien min opp imot eigne erfaringar.

8.4.2 EIGNE ERFARINGAR

Når eg reflekterer over eigne kommunikasjonsmønstre som mann, ektemann, far og pendlar, har eg sortere dei i fire grupper og gitt kvar av dei eit namn:

Mr. Fix-it

Å vere mann betyr framleis for fleire av oss at vi bevisst og ubevisst lever etter inndelingane "mannfolkarbeid" og "kvinnearbeid". Når vi som menn definerer "praktisk arbeid", gjeld dette oftast arbeid i kategorien vedlikehald av hus og heim, oppussing og reparasjonar, service og tilsyn slik at materiell og maskiner fungerer. I Mr. Fix-it-rollen dreiar kommunikasjonen seg mest om kva som er gjort eller må gjerast innafor dette feltet, kva som må passast på, gjerast ferdig, leverast inn osv. Mr. Fix-it har lite auge og tanke for kvinnearbeid som at mat skal kjøpast, bakast eller lagast, eller at dukar og gardiner skal vaskast og strykast. Planlegging av gjestebod, fødselsdagar, barnedåpar, konfirmasjon eller bryllup, og gåver til slike, er heller ikkje der mr. Fix-it yter mest.

Mr. Superman

Alle menneske har fleire relasjonar. Å vere middelaldrande pendlar betyr i mitt tilfelle både å skulle ta vare på parforholdet, forholdet til egne barn og svigerbarn, forholdet til foreldre og svigerforeldre, til egne søsken og svigersøsken, til vener og kjenningar. Idealet er å vere nærverande og omtykt i alle samanhengar. I praksis blir det lett annaleis. Ofte har reisinga tatt meir krefter enn ein trudde. Innimellom er skiftet mellom "ute" og "heime" både fysisk og psykisk krevande. Dette kan lett bety at ein kjenner at ein ikkje strekk til. Kommunikasjonen i parforholdet blir dermed tyngre. Manglande krefter blir tolka som ulyst, spørsmål om: "Må vi ?", blir tolka som uvilje.

Mr. Don Juan

Det blir sagt at avstand i parforhold innimellom kan gjere godt. Også i eige liv har eg erfart at å vere frå kvarandre skaper forventning og kan gi ny glød. Men stadig reising til og frå er likevel utfordrande. Rytmen i parforholdet er ikkje alltid lik, behovet for nærleik og intimitet kan variere. Tanken på dagar og veker frå kvarandre kan legge bevisst og ubevisst press på den andre. Ved heimkomst kan lengten vere større hos den eine enn den andre, og dette skaper ubalanse i par-relasjonen. Dette kan prege kommunikasjonen.

Mr. Lonely Rider

Det har frå tid til anna blitt sagt at nordsjøarbeidaren har levd og til dels lever i ein cowboy-kultur. I min samanheng vil eg utvide metaforen ytterlegare: Den einsame rytteren – The Lonely Rider - var cowboyen sitt liv og til dels sjølvalte skjebne. Innimellom kan pendlartilværet kjennast like eins. Det frie, til dels ustrukturerte livet, blir misunt av mange, særleg dei som går i den daglege tralten frå åtte til fire. Når nokon høyrer at du jobbar offshore, blir fokuset fort sett på løn og fritid. Få spør korleis du egentleg har det. Kontinuitet i sosiale relasjonar er vanskeleg. Ofte blir det meste av sosialt liv tilrettelagt av den heimeverande. Dette kan prege kommunikasjonen i parforholdet. Dei to mest vanlege spørsmåla du som nordsjøarbeidar får når du treff folk gatelangs eller i sosiale lag er fylgjande: "Så du er heime ?" og "Når skal du ut igjen?" Som "Lonely Rider" drar ein difor ofte ut med vemod. Ein kan kjenne på at ein forlet det trygge og faste, og at ein er annaleis enn folk flest.

8.4.3 OPPSUMMERING

Dei fire rollene som er omtalt ovanfor, er slik eg ser det eit stykke på veg dekkande for eiga oppleving av å vere pendlar. Kvar av rollene pregar kommunikasjonsmønsteret mitt i parforholdet. I fleire samanhengar opptre rollene samtidig. Dette gjer kommunikasjonen endå meir samansett. Problemet med forforståinga slik eg har skrive den her, er at den er subjektiv: eg har altså ikkje reflektert over den og formulert den saman med eigen ektefelle. Dette skil seg difor frå informasjonen innhenta frå intervju med para.

Dei tema som pregar kommunikasjonen og kommunikasjonsmønsteret i eige parforhold, er på fleire punkt til forveksling lik dei tema som informantane sjølve held fram. Eg observerer likevel at rollefiguren *Mr. Don-Juan* ikkje alltid er like uttalt tydeleg til stades. Dette kan ha fleire årsaker. Intimitet og seksualitet er ikkje alltid det ein skal eller vil snakke ope om, heller ikkje i samband med ei kvalitativ spørreundersøking. At temaet er meir eller mindre utelatt kan altså skuldast individuell sjenanse.

Eg registrerer vidare at rollefiguren *Mr. Lonely-Rider* for nokre ikkje først og fremst gjer seg gjeldande når ein er borte frå heimen. Nokre kan faktisk i perioder kjenne på

større einsemd i friperioder heime, fordi ein har minimal kontakt med lokalmiljøet, og kjenner seg utanfor lokalsamfunnets livsrytme og puls. Ingen av informantane nemner einsemd i samband med utejobbinga, og fleire stadfestar at fysisk avstand ikkje er til hinders for emosjonelt nærvær og engasjement.

KAPITTEL IX: AVSLUTNING OG KONKLUSJONAR

Eg har i denne oppgåva arbeidd utfrå fylgjande problemstilling: *"Pendling og Familieliv – Kommunikasjon og kommunikasjonsmønster hos par der mannen pendlar offshore"*. Ut frå nødvendig avgrensing som eg har gjort greie for innleiingsvis i oppgåva, har eg intervjuat tre par. Problemstillinga er blitt belyst gjennom djupteintervju. Eg fann det tenleg å starte med ein "nøkkelinformant" – i dette tilfellet eitt par - og på basis av intervju med dette paret justere dei vidare intervjuat utfrå nye tankar som dukka opp. Dette er i tråd med den forskningsteorien eg har valt å bruke.

Det er nødvendig å spørje seg om dei tre para eg har intervjuat er typiske eller atypiske for pendlarpar offshore. Eg har tidlegare i oppgåva gjort greie for at dei eg intervjuat var par der han gjekk i fast rotasjonsordning: to veker på jobb og fire veker fri. Dette syns hos informantane mine å vere avgjerande for begge sin trivsel. Intervju med par der han gjekk i meir tilfeldig rotasjon, ville difor kanskje gitt annan informasjon.

Ingen av para eg intervjuat sleit tilsynelatande med parforholdet. Intervju med par i krise ville difor kunne gitt eit anna bilde. Kanskje låg slikt materiale tilgjengeleg også hos dei eg intervjuat utan at eg oppdaga det ? Kva var i så fall grunnen til tildekkinga? Eller er det faktisk slik at lukka med pendlarlivet er større og utfordringane mindre enn det mange innimellom har tenkt ?

Etter å ha bearbeidd innsamla data, analysert og drøfta, sit eg igjen med fleire observasjonar og inntrykk. Nokre av dei er lite oppsiktsvekkande. Andre gir grunn til vidare refleksjon. Nokre bør kunne skape interesse for vidare studier. Oppsummert punktvis meiner eg å ha sett fylgjande:

KONKLUSJONAR

- 1. Dei para eg har intervjuja opplever at pendlarlivet offshore er positivt. Begge partar trivs med livsrytmen og meiner den både gir stor individuell fridom og gode rammer for å skape eit godt samliv.*
- 2. Individuelle føresetnader syns å vere avgjerande for korleis par taklar pendlartilværet. Frå ei side sett er dermed pendling som fenomen ikkje noko anna enn andre spesielle utfordringar par kan ha.*
- 3. Utfordringane varierer med livssituasjonen og livsløpet. Dette betyr at det også hos pendlarpar syns å vere meir relevant å sjå på kvardagsutfordringane knytta til ulike livsfaser, enn på sjølve pendlinga.*
- 4. Par der mannen pendlar offshore syns å oppleve å ha god kontakt også når han er borte. Nokre opplever jamvel at kontakten og evnen til å lytte til kvarandre kan vere betre når dei er frå kvarandre.*
- 5. Den skiftande rytmen mellom friperiode og uteperiode syns ikkje å skape distanse paret imellom, men syns tvert om å framtvinge vilje til og forståing for at det er nødvendig å ta særskilte omsyn til kvarandre. Dagane like etter heimkomst syns hos fleire å vere dei mest utfordrande i parforholdet.*
- 6. Det syns å vere viktig å ha god verbal kommunikasjon i uteperiodene. Dette skjer gjennom dagleg telefonkontakt der paret utvekslar nødvendig informasjon for at begge skal kjenne seg delaktige i familielivet. Å vere seg bevisst dette ser ut til å gjere det lettare å veksle mellom friperiode og uteperiode.*
- 7. Alle para eg intervjuja syns å oppleve sin eigen kommunikasjon som god og ivaretakande. Ingen snakka om at det var vanskeleg å nå fram til den andre. Ingen opplevde å vere åleine om utfordringar og problem. Ingen syns dei gjekk inn i mønster der samtalen enda i små og store kranglar som dei ikkje evna å bryte.*

LITTERATUR:

- Agedal (2003). *Bedehusfolket. Ein studie av bedehuskultur i tre bygder på 1980- og 1990-talet.*
Trondheim: Tapir akademisk forlag
- Bell (1999) *Doing Your Research Project 3rd edition*
Berkshire England, Open University Press
- Chan/Lai/CKo/Boey (2000): *Work stress among six professional groups: The Singapore experience.*
Social Science&Medicine, 50: 1415-1432
- Charmaz, (2006) *Constructing Grounded Theory. A Practical Guide Through Qualitative Analysis.*
London/Thousand Oaks/New Delhi: Sage Publications
- Costain Schou/Hewison (1994) *Issues of interpretive methodology. The utility and scope of grounded theory in contextual research.*
Human Systems, vol 5/1994.
- Cox/Griffiths/Rial-González(2000) *Research on work-related stress*
EU-rapport
Luxembourg, Official Publications of the European Communities
- Eide/Helland/Hellesøy (1986) *Arbeidsplass Staffjord*
FAHS publikasjonsserie nr. 8/del 2/86
- Everett/Furseth.(2006): *Masteroppgaven – Hvordan begynne – og fullføre.* Oslo:Universitetsforlaget
- Glaser(1978) *Theoretical sensitivity.*
Mill Valley, CA: The Sociology Press

- Jakubowski/Milne/Brunner/Miller(2004) *A review of empirically supported marital enrichment programs.*
Family Relations, 53, 528-536
- Jensen(1991) *Relasjoner – System- og Familieperspektivet som referanseramme for sykepleie i psykisk helsevern.* Oslo: Diakonjemets Høgskolesenter
- Kring(2005) *Arbeidsliv og familieliv – Get A Balance*
Institutt for Produksjon og Ledelse ,
København: Danmarks Tekniske Universitet
- Kvale (2001) *Det kvalitative forskningsintervjuet*
Oslo, Gyldendal
- Kröger/Sipilä (2005) *Overstretched – European Families up against the demands of work and care*
Broadening Perspectives in Social policy vol 38/6
Malden/Oxford/Carlton, Blackwell Publishing
- Markman/Renick/Floyd/
Stanley/Clements(1993) *Preventing marital distress through communication and conflict management training: A four and five year follow-up.*
Journal of Consulting and Clinical Psychology,
62, s. 1-8
- Markman/Stanley/Blumberg(2003): *Samlivsbogen*
Oslo: N.W.Damm&Søn
- Marshall/Rossmann(1999) *Designing Qualitative Research.*
Newbury Park,Sage Publications
- Martinsen (1996) *Fenomenologi og Omsorg*
Oslo, Tano

- Matthiesen/Raaheim (1986) *Arbeidsplass Statfjord*
FAHS publikasjonsserie nr 5/86
- Patton (1990) *Qualitative evaluation and research methods.*
Newbury Park, Sage Publications
- Ryen (2002): *Det kvalitative intervjuet.*
Bergen: Fagbokforlaget
- Roness/Matthiesen (2002) *Utbrent – Krevende jobber-gode liv?*
Bergen, Fagbokforlaget
- Stanley/Allen/Markman/Saiz/Bloomstrom/
Thomas/Schumm/Bailey,A.E (2005): *Dissemination and Evaluation of Marriage
Education in the Army.*
Family Process Vol 44, No.2/2005, s. 187- 201
- Smith-Solbakken (1997): *Oljearbeiderkulturen. Historien om cowboyer og
rebeller.*
Trondheim: Skriftserie frå HF-fakultetet/NTNU nr.
17/1997
- Solberg(1985): *Far i Nordsjøen. En studie av oljependling og
familieliv.*
Oslo:Universitetsforlaget
- Solheim/Heen/Holter(1986): *Nordsjøliv og Hjemmeliv.Del I og II.*
AFS-rapport 35/86 og 36/86
- Stevik (2005) *"Bosetting Åmot – om forutsetninger for
bosetting av ansatte i Rena leir"*
Rapport Høgskolen i Hedmark, 16/2005
- St.meld. nr. 29 (2002-2003) *Om familien – forpliktende samliv og foreldreskap*

- Strauss1987) *Qualitative analysis for social scientists.*
New York: Cambridge University Press
- Strauss/Corbin (1998) *Basics of Qualitive Research,*
Second Edition, Sage Publications
- Thagaard (2002) *Systematikk og innlevelse*
Bergen, Fagbokforlaget
- Thuen (2003) *Samlivsbrudd og psykisk helse: Forebyggende tiltak.* Tidsskrift for Norsk Psykologforening.
Januar 2003, s. 12-22
- Thuen(2006) *Intervju i Dagsavisen 2.mai 2006*
- Thurmaier/Engl/&Halweg(1999): *Eheglück auf Dauer ?*
Methodik, Inhalte und Effektivität eines präventiven Paarkommunikationstrainings–
Egebnisse nach fünf Jahren.
Zeitschrift für Klinische Psychologie 28, 54-62
- Ulleberg (2004) *Kommunikasjon og veiledning*
Oslo: Universitetsforlaget
- Warzlawick/Bavelas/Jackson (1967) *Pragmatics of Human Communication*
New York/London: W.W.Norton&Company
- Ølgaard (1991) *Kommunikation og økomentale systemer*
ifølge Gregory Bateson
Århus, Akademisk Forlag

APPENDIX